

[NYNORSK
KULTURSENTRUM]

Nasjonal bevaringsplan for privatarkiv knytte til nynorsk skriftkultur 2025–2029

Innhald

1	INNLEIING	3
	1.1 Bakgrunn for planen	3
	1.2 Nynorsk skriftkultur	4
	1.3 Mål for planen	4
	1.4 Kvifor bevare nynorskarkiv?	5
	1.5 Om Nynorsk kultursentrum	5
	1.6 Avgrensing	6
	1.7 Omgrepsbruk	7
	1.8 Tilnærming og metode	7
	1.9 Organisering, rammer og forankring av planarbeidet	8
2	RAMMER FOR ARBEIDET MED PRIVATARKIV	9
	2.1 Samhandling og organisering	9
	2.1.1 Arkivlova	9
	2.1.2 Organisering av privatarkivarbeidet	10
	2.1.3 Historikk for privatarkivarbeid	11
	2.1.4 Privatarkiv i musea	11
	2.1.5 Tilgjengeleggjering og digitalisering	12
	2.1.6 Heilskapleg og samordna samlingsutvikling	12
	2.1.7 Nokre tal for privatarkiv	12
3	NYNORSK: UTBREIING OG BAKGRUNN	13
	3.1 Eit norsk språk: Frå idé til røynd, frå tale til skrift	13
	3.2 Nynorsk i den norske språkdebatten	15
	3.3 Geografisk utbreiing for nynorsk	16
	3.4 Nynorsk i bruk innan alle samfunnsområde	18
4	KARTLEGGING OG BESTANDSANALYSE AV NYNORSKARKIV	19
	4.1 Gjennomføring av kartlegginga	19
	4.2 Avgrensingar og feilkjelder	20
	4.3 Kategorisering og inndeling	22
	4.4 Bestandsanalyse	23
	4.4.1 Hovudfunn	23
	4.4.2 Personarkiv	24
	4.4.3 Institusjonar og bedrifter	25
	4.4.4 Samlingsarkiv	25
	4.4.5 Annan informasjon	25
5	BEVARINGSVURDERINGAR OG DOKUMENTASJONSMÅL	26
	5.1 Innleiing	26
	5.2 Kvalitative bevaringskriterium	26
	5.3 Arkiv som ikkje er bevarte	26
	5.4 Dokumentasjonsmål	27
	5.4.1 Nynorske privatarkiv	27
	5.4.2 Organisasjonar	27
	5.4.3 Personarkiv	29
	5.4.4 Institusjonar og bedrifter	30
	5.4.5 Samlingsarkiv	31
	5.4.6 Andre prioriterte aktørar	31
	5.5 Overblikk og retning vidare	32
	5.6 Dokumentasjonsmål – ei oppsummering	32

6	TILTAK: KORLEIS ARBEIDE MED PRIVATARKIV OM NYNORSK SKRIFTKULTUR?	33
	6.1 Nynorsk kultursentrum si rolle som nasjonal koordinator	33
	6.2 Mål og tiltak for Nynorsk kultursentrum som nasjonal koordinator i planperioden	34
	6.3 Framlegg til tiltak for andre privatarkivbevarande institusjonar	35
	6.4 Har du eller organisasjonen din eit nynorskarkiv?	35
	6.5 Utfordringar	36
	6.6 Forsking og kunnskap	36
7	ADMINISTRATIVE OG ØKONOMISKE KONSEKVENSA	37
8	OPPSUMMERING	38
9	KJELDER OG VIKTIGE DOKUMENT	38
10	VEDLEGG	39

Framsidedfoto: Illustrasjonsfoto av arkivmateriale frå Norsk Målungdom, med mellom anna klistremerke med teksten «Nynorsk for alle». Foto: Andre Hustoft Nesheim / Nynorsk kultursentrum

Baksidedfoto: Illustrasjonsfoto som viser arkivmateriale frå Peder Hovdan-arkivet hos Nynorsk kultursentrum. Foto: Andre Hustoft Nesheim / Nynorsk kultursentrum

Prosjektgruppe: Stina Aasen Lødemel (prosjektleiar), Fredrik Hope, Stine Stennes Hovdenakk

Grafisk formgiving: Maria Fet, Nynorsk kultursentrum

Språkvask: Totaltekst AS

Utarbeidd med støtte frå Arkivverkets arkivutviklingsmidlar

Nynorsk kultursentrum, 2025

1 INNLEIING

1.1 Bakgrunn for planen

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, har gjennom avtale med Arkivverket eit nasjonalt koordineringsansvar for privatarkiv som er knytte til nynorsk skriftkultur. Privatarkiv er her forstått som arkiv som ikkje er skapte av kommunale, fylkeskommunale eller statlege verksemdar, men som er skapte av privatpersonar, bedrifter, organisasjonar, institusjonar og andre innanfor privat sektor. Som koordinerande institusjon vil Nynorsk kultursentrum arbeide systematisk for at bevaringsverdige privatarkiv i Noreg som er knytte til målreising og nynorsk skriftkultur og kulturhistorie, blir samla inn, tekne vare på og gjorde tilgjengelege så langt råd er.

Nynorsk kultursentrum har avgrensa magasinplass og skal ikkje sjølv samle inn og oppbevare arkiva utover det som er vedteke i institusjonens eigen samlingsplan, men vere ein koordinerande aktør. I samsvar med avtalen med Arkivverket skal stiftinga sørgje for å koordinere arbeidet med historiske privatarkiv knytt til nynorsk skriftkultur med resten av arkivsektoren, særleg dei

fylkeskoordinerande institusjonane for regionale og lokale arkiv, Arkivverket og Nasjonalbiblioteket. Å gjere Arkivverket merksame på særleg verneverdige arkiv innanfor feltet er også ein del av oppdraget. Vidare skal Nynorsk kultursentrum utarbeide og vedlikehalde ein nasjonal bevaringsplan for arkiv knytte til nynorsk skriftkultur. Gjennom kartlegging, informasjon og rådgiving vil vi bidra til at denne viktige dokumentasjonen blir teken vare på for ettertida.

Denne planen blir ein del av verktøya våre for å koordinere ivaretakinga av arkiv knytte til nynorsk skriftkultur på tvers av fagfelt og samfunnsområde. Planen inneheld òg tilrådingar og tiltak for vidare arbeid. Nynorsk kultursentrum kan ikkje avgjere inntak og ivaretaking for andre institusjonar, men ønskjer å gi råd om kva arkiv som har bevaringsverdi i lys av nynorsk skriftkultur, og korleis andre kan sikre viktige kjelder til kunnskap om nynorsk skriftkultur.

1.2 Nynorsk skriftkultur

Når vi snakkar om privatarkiv knytte til nynorsk skriftkultur, handlar det ikkje om alle arkiv som inneheld dokument skrivne på nynorsk. Arkiva må i tillegg dokumentere nynorsk i bruk eller dokumentere organisasjonar, verksemdar eller privatpersonar sitt arbeid for og med nynorsk. Døme på dette kan vere organisasjonar som har arbeidd for nynorsk på ulike felt, privatpersonar som gjennom verv eller virke har gjort ein særskild innsats for nynorsk, eller bedrifter som har hatt ein spesiell nynorskprofil. Samstundes er det nynorske ein del av det norske, og i ein del tilfelle er det derfor ikkje naturleg å sjå på det nynorske isolert sett.

Omgrepet skriftkultur er i denne planen nytta for å kunne omtale både den politiske, den sosiologiske og den kulturelle historia til nynorsk i tillegg til å romme dei sociolingvistiske, lingvistiske og filologiske aspekta ved dette språket. Omgrepet er for dei fleste mindre nytta og mindre kjent enn alle desse underliggjande omgrepa, noko vi har teke omsyn til mellom anna i kartleggingsprosessen som er skildra seinare i denne planen.

1.3 Mål for planen

Gjennom arbeidet med planen har det vore eit mål å kartleggje kva som finst av arkiv som dokumenterer bruken av nynorsk, og kva personar, institusjonar, verksemdar og organisasjonar som på ulike måtar har arbeidd for nynorsk. Like viktig har det vore å kartleggje kva som ikkje er bevart. Slik vil arbeidet bidra til at vi i framtida sikrar at eit representativt og mangfaldig utval av regional og nasjonal nynorsk skriftkultur blir dokumentert og teke vare på. Bevaringsplanen kan òg bli eit godt verktøy for dei som vil skrive om eller forske på nynorsk skriftkultur og kulturhistorie.

Målet med planen er å få ei første oversikt over arkiv som dokumenterer nynorsk skriftkultur, og leggje grunnlaget for ei systematisk bevaring av slike arkiv. Alt kan ikkje bli kartlagt eller funne svar på i ein plan som er den første i sitt slag, men målet er å gi eit solid grunnlag for vidare arbeid. Vi håper òg at planen kan bidra til auka bevisstgjerings rundt bevaring av arkiv innanfor dette samfunnsområdet.

Det er ikkje eit mål at Nynorsk kultursentrum skal samle inn og bevare arkiva utover det som er i tråd med samlingsplanen vår. Det er viktig at nynorsk skriftkultur er ein synleg del av samfunnsdokumentasjonen på alle felt og i alle geografiske område. Nynorsk kultursentrum meiner at privatarkiv som er av stor betydning for nynorsk skriftkultur, som er tekne vare på av andre nasjonale eller regionale institusjonar, framleis skal bli tekne vare på av desse. Så lenge arkiva etter aktørar i denne planen blir tekne vare på i tråd med ein heilskapleg samlingspolitikk, er det underordna kor arkiva er bevarte.

1.4 Kvifor bevare nynorskarkiv?

Fram til no har det ikkje eksistert nokon samla strategi eller eit oversyn som sikrar bevaring og formidling av arkiv knytte til den nynorske skriftkulturen. Bevaring av utvalde nynorske privatarkiv sikrar at viktige kjelder til kunnskap om nynorsk skriftkultur blir tekne vare på for ettertida.

Som det mindre nytta norske språket har nynorsk særskilt vern i lov om språk (språklova). Trass i at nynorsk og bokmål ifølgje denne lova blir rekna som likestilte norske språk, vert det stadig sette inn tiltak for å sikre denne likestillinga i praksis. Som oftast gjeld det då tiltak for å sikre rettar rundt bruken av nynorsk. Dermed er det ikkje urimeleg å vere ekstra merksam på privatarkiv som handlar om nynorsk skriftkultur.

1.5 Om Nynorsk kultursentrum

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, tek sjølv og i samarbeid med andre vare på ulike sider av nynorsk skriftkultur. Nynorsk kultursentrum har dermed ei sentral rolle i arbeidet med å bevare den nynorske kulturarven.

Nynorsk kultursentrum er ein kulturinstitusjon som gjennom dokumentasjon, forvaltning, forskning, formidling, fornying og politisk påverknadsarbeid arbeider for ein kulturell fellesskap i Noreg der det språklege mangfaldet er sjølvsagt. Kjerneoppgåvene våre er forskning, samling og dokumentasjon og formidling på arenaene våre, gjennom turnear og på digitale flater. Institusjonen driv musea Haugesenteret i Ulvik, Vinjesenteret i Vinje og Aasentunet i Ørsta, der også hovudsetet ligg.

Den ideelle stiftinga arbeider for nynorsk skriftkultur. Med utgangspunkt i føremålet skal stiftinga drive vitenskapleg og kulturfagleg aktivitet som aukar kunnskapen og medvitet om nynorsk skriftkultur nasjonalt og internasjonalt.

Med utgangspunkt i føremålet skal stiftinga samarbeide nasjonalt og internasjonalt med vitenskaplege og kulturfaglege institusjonar.

Frå føremålsparagrafen til Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur (sist godkjend 26.2.2021)

Nynorsk kultursentrum pliktar å følge ICOMs etiske retningslinjer, både som medlem av ICOM og gjennom eigne vedtekter. Dette inkluderer òg dei konkretiserte etiske retningslinjene for norske museum.

Samlingsforvaltning er sterkt forankra i dei prioriterte oppgåvene våre. Samordning og samarbeid innanfor samlingsutvikling styrkjer samhandlinga for nynorsk skriftkultur og forvaltninga av den nynorske samtida. Betre koordinering med andre aktørar, og tydelegare prioritering av eiga innsamling, sikrar òg ei meir berekraftig samlingsforvaltning for institusjonen og for den offentleg finansierte arkiv-, museums- og bibliotekfellesskapen.

1.6 Avgrensing

Denne bevaringsplanen gjeld som sagt berre for privatarkiv som inneheld dokumentasjon av nynorsk skriftkultur. Papir-materiell, publikasjonar, trykk, gjenstandar, kunst, foto, video, lydopptak og andre objekttypar som ikkje er definerte som del av eit arkiv av institusjonen som oppbevarer det, er ikkje med i denne planen.

Kartlegginga har vore avgrensa til å i hovudsak omfatte arkiv på arkivnivå. Arkiva som blir omtala vidare, er i all hovudsak anten kartlagde ved at institusjonar har meldt inn arkiv som dei meiner er relevante for nynorsk skriftkultur, eller gjennom vår eiga kartlegging i Arkivportalen. Sjå meir om dette i kapittel 4.2.

Kartlegginga og planen gjeld privatarkiv i Noreg. Det finst òg truleg diverse privatarkiv knytte til nynorsk skriftkultur i andre land. Mellom anna var det interesse for nynorsk og skrivning på dette språket blant norske immigrantar i Amerika, og det vart både gitt ut publikasjonar på nynorsk og dialekt og skipa mållag i USA.

Materiale i privatarkiv kan vere papirdokument, protokollar, foto, film, video, lydopptak med meir, og også gjenstandar. I tillegg kjem dei digitalt skapte og digitalt lagra arkiva. Dei fleste institusjonar med historiske arkiv registrerer desse i systemet Asta og publiserer katalogar på Arkivportalen. Reine arkivinstitusjonar brukar vanlegvis berre dette systemet til å registrere samlingane sine, medan museum òg brukar systemet Primus, med publisering på DigitaltMuseum. Primus blir hovudsakleg nytta til gjenstandssamlingar i musea. Kva som blir definert som arkivsamling, og kva som blir definert som gjenstandssamling, kan i nokre tilfelle vere tydeleg, slik som at ei arkivsamling med brev etter ein person blir definert som eit arkiv, eller at ei samling med vasar blir definert som ei gjenstandssamling. I andre tilfelle er skiljelinjene meir uklare. Det er samtidig mange fleire registrerings- og publiseringsløysingar som vert nytta når ein skal gjere privatarkiv tilgjengelege. Når vi i kartlegginga har avgrensa det til Asta, i tillegg til utsending av kartlegging, kan det med andre ord vere arkiv vi ikkje har fanga opp, då dei er registrerte i andre system.

Mange delar av arkiv og anna materiale som dokumenterer nynorsk skriftkultur, er allereie sikra gjennom mellom anna arkivlova eller pliktavleveringslova og er dermed ikkje er omfatta av denne planen.

Dette gjeld i hovudsak

- offentlege arkiv
- pliktavlevering til Nasjonalbiblioteket
- arkiv som ligg under Arkivverkets bevaringsansvar
- samlingar som ikkje er rekna som arkiv
- nettstader

Det vil samstundes vere umogleg å skilje så skarpt som skissert, for mykje av dokumentasjonen i desse kategoriane overlappar ofte med eller er ein del av arkiv som likevel må nemnast i denne bevaringsplanen.

Offentlege arkiv

Bevaring av kommunale, fylkeskommunale og statlege arkiv er strengt lovregulert, mellom anna gjennom arkivlova (sjå kapittel 2.1.1), og er omfatta av andre bevaringsordningar. Offentlege arkiv er derfor ikkje med i denne planen.

Pliktavlevering til Nasjonalbiblioteket

Alle dokument som er gjorde allment tilgjengelege i Noreg, er omfatta av pliktavleveringslova, uavhengig av kva medium dei vart gitt ut på. Desse skal leverast til Nasjonalbiblioteket. Slike dokument og publikasjonar er derfor ikkje med i planen.

Vi er samstundes medvitne om at det finst materiale som av ulike grunnar ikkje er fanga opp til no gjennom pliktavleveringsordninga. Vi vil støtte arbeidet med å sette desse hola i samlinga til Nasjonalbiblioteket når det gjeld dokumentasjon av nynorsk skriftkultur.

Arkiv som ligg under Arkivverkets bevaringsansvar

Arkivverkets bevaringsplan for privatarkiv kom i 2020. Arkivverket bevarer privatarkiv som er av nasjonal betydning, og som er i ålmenta si interesse. Kva som har nasjonal betydning, er definert ut frå ein kombinasjon av eitt eller fleire kriterium: landsdekkjande, utvikling av Noreg og utvikling av det norske. I bevaringsplanen har Arkivverket identifisert 356 bevaringsverdige aktørar. Blant desse er Noregs ungdomslag (på samfunnsområdet barne- og ungdomsorganisasjonar). Dette gjeld berre sentralleddet i organisasjonen. Arkiv etter lokale og regionale ungdomslag er derfor likevel tekne med i denne bevaringsplanen.

1.7 Omgrepsbruk

Samlingar som ikkje er rekna som arkiv

Gjenstandar og andre objekt som ikkje er rekna som del av eit arkiv, mellom anna reine gjenstands- og museums-samlingar av ulik art, er ikkje med i denne planen. Skilje-linjene mellom kva som er arkiv, og kva som er gjenstands- og museumssamling, kan i somme høve vere noko utydelege. Derfor må ein nytte ein viss grad av skjønn i tilnærminga til og handsaminga av kvart enkelt grense- og tvilstilfelle.

Nettstader

Nettstader er omfatta av både arkivlova og pliktavleveringslova. For å hindre dobbeltbevaring har Arkivverket og Nasjonalbiblioteket ei overordna arbeidsdeling: Nasjonalbiblioteket har gjennom pliktavleveringslova ansvar for å bevare norske nettstader (ofte kalla .no-domene) som er tilgjengelege for allmenta. Dette blir gjort gjennom regelmessig hausting. Arkivverket sitt ansvar gjeld underliggjande dokumentasjon i publiseringsverktøyet og tilknytte databasar for statlege og kommunale verksemder, og skjer etter avtale mellom partane.

Denne planen er skriven både med den arkivfaglege og den allmenne lesaren i bakhovudet, og vi håper at fleire enn arkivsektoren kan ha nytte av han. Nokre stader har vi derfor byta ut fagord og sjargong med andre ord eller lagt inn ei kort forklaring. Faguttrykk er likevel heilt naudsynt i ein plan som denne, men vi har forsøkt å formulere oss på ein måte som både varetek den faglege kommunikasjonen og gjer teksten lettare tilgjengeleg for fleire.

I teksten er omgrepet *arkivinstitusjon* brukt om institusjonar som har arkiv som sitt einaste eller primære arbeidsområde, medan *arkivbevarande institusjon* og *arkivsektoren* er brukte som generelle omgrep for alle institusjonar som har bevaring av privatarkiv som ei av fleire oppgåver. Omgrepet *ABM-institusjonar* blir brukt fleire stader i planen. Det er eit innarbeidd omgrep som viser til arkivinstitusjonar, bibliotek og museum.


1.8 Tilnærming og metode

Bevaringsplanen er bygd opp etter metodikk som er utvikla på privatarkivfeltet dei siste åra, med nokre justeringar tilpassa emnet for planen. I samband med SAMDOK-prosjektet vart det utvikla felles metodikk for bevaringsplanar, gjerne referert til som SAMDOK-metoden.¹ Denne metoden består av ein bestandsanalyse, ein samfunnsanalyse og ei samanstilling av desse. I arbeidet med planen har vi nytta oss av denne metoden.

¹ PRIV 2014/7 «Metodikk for bestandsanalyse og samfunnsanalyse for privatarkiv» og PRIV 2014/9 «En helhetlig samfunnshukommelse»

1.9 Organisering, rammer og forankring av planarbeidet

Prosjektet er gjennomført av ei prosjektgruppe ved Nynorsk kultursentrum: spesialrådgivar Stina Aasen Lødemel (prosjekt-leiar), konservator Fredrik Hope og konservator Stine Stennes Hovdenakk. Andre tilsette har òg medverka i arbeidet med planen.



Prosjektgruppa for bevaringsplanen. Frå venstre: Stine Stennes Hovdenakk, Stina Aasen Lødemel og Fredrik Hope. Foto: Nynorsk kultursentrum.

Nynorsk kultursentrum fekk i 2023 130 000 kroner i utviklingsmidlar frå Arkivverket til arbeidet med bevaringsplanen. I forarbeidet til planarbeidet fekk Nynorsk kultursentrum 26 000 kroner frå Arkivforbundet i stipendmidlar til studietur, som vart nytta til å besøke tre andre institusjonar med sektoransvar: Skeivt arkiv, Norsk Sjømatarkiv ved ArkiVest og Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek. Andre kostnader rundt arbeidet med bevaringsplanen er dekte av Nynorsk kultursentrum.

Rolla som sektoransvarleg på feltet, med utarbeidinga av denne planen som ein del av oppgåvene, er forankra i styret i Nynorsk kultursentrum. Internt har planen vore fast sak i samlingsforumet i Nynorsk kultursentrum i tillegg til at vi har drøft han og informert om han i andre forum i organisasjonen. Styret i Nynorsk kultursentrum har handsama planen før og etter høyring og endeleg godkjent av styret 24.4.2025.

Eksternt har vi informert om planarbeidet gjennom privat-arkivnettverket og i møte med ulike samarbeidspartar. Kartlegginga, med informasjon om planarbeidet, vart sendt ut til fleire hundre mottakarar og er slik breitt informert om gjennom informasjonsskriv. Bevaringsplanen blei sendt ut på høyring i januar 2025. Det kom inn 20 høyringssvar. Planen og arbeidet fekk brei støtte, og det blei gjort nokre mindre endringar i planen i tråd med innspela vi fekk i høyringsrunden.

I det vidare arbeidet blir det viktig å forankre planen breitt, både i ABM-sektoren og hjå dei avdekte arkivskaparane, og gjennomføre tiltaka frå planen.

2 RAMMER FOR ARBEIDET MED PRIVATARKIV

2.1 Samhandling og organisering

2.1.1 Arkivlova

I føremålsparagrafen i arkivlova står det at målet med lova er «(...) å tryggja arkiv som har monaleg kulturelt eller forskningsmessig verdi eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon, slik at desse kan verta tekne vare på og gjorde tilgjengelege for ettertida.»² Til forskjell frå offentlege arkiv er ikkje privatarkiv omfatta av bevaringsplikta i arkivlova.

For å sørgje for heilskapleg samfunnsdokumentasjon er organiseringa og arbeidsdelinga rundt bevarings- og koordineringsansvaret for privatarkiv blitt styrkt dei siste åra. Det er eit kulturpolitisk mål å arbeide planmessig med å sikre og ta vare på verneverdige privatarkiv og gjere dei tilgjengelege.³

Riksarkivaren kan med heimel i § 14 i arkivlova gi nærare retningslinjer for arbeidet med privatarkiv både i Arkivverket og ved andre offentlege organ og private institusjonar som arbeider med å bevare privatarkiv. Slike retningslinjer vart fastsette av Riksarkivaren i 2002.⁴ Målet med retningslinjene er å sikre planmessig, systematisk og samordna bevaring av privatarkiv, og at dette følgjer arkivfaglege prinsipp og rutinar.

Arkivene fra statlig, kommunal og privat sektor skal utfylle hverandre og dokumentere samfunnet fra ulike vinkler og ståsteder. Dette samspillet skaper det beste grunnlaget for forskning, historieforståelse, identitet og rettssikkerhet. Privatarkiv må være tilfredsstillende representert både som del av nasjonens, regionens og lokalsamfunnets dokumentasjon, kulturarv og identitet.

Bevaringsplan for privatarkiv
i Arkivverket, side 6

² Lov om arkiv [arkivlova], § 1

³ Meld. St. 23 (2020–2021) Musea i samfunnet – Tillit, ting og tid (museumsmeldinga), kap. 9.9

⁴ Arkivverket: «Retningslinjer for arbeidet med privatarkiver»

2.1.2 Organisering av privatarkivarbeidet

Det er ulike institusjonar og organisasjonar innanfor ABM-sektoren som arbeider med å bevare privatarkiv, primært arkivinstitusjonar, bibliotek og museum. Arkivinstitusjonar oppbevarer og forvaltar både offentlege og private arkiv.

Privatarkivarbeidet i Noreg er i dag organisert slik at Arkivverket (Riksarkivaren) koordinerer arbeidet på nasjonalt nivå og samarbeider med dei fylkeskoordinerande institusjonane og institusjonane med nasjonalt sektoransvar. Arkivverket har ansvar for å langtidsbevare, gjere tilgjengeleg og formidle prioriterte privatarkiv. Arkivverket koordinerer arbeidet på nasjonalt nivå, og samarbeider med fylkeskoordinerande institusjonar og andre institusjonar med nasjonalt sektoransvar. Samarbeidet er forankra i eit nasjonalt nettverk.

Det regionale bevaringsarbeidet skjer gjennom fylkeskoordinerande institusjonar som er utnemnde av Riksarkivaren. På regionalt nivå er arbeidet forankra i fylkeskommunen. Dei fylkeskoordinerande

institusjonane samarbeider med institusjonane i sin region som arbeider med privatarkiv. Samarbeidet på regionalt nivå skjer mellom anna gjennom regionale privatarkiv-nettverk.

Nokre bevaringsinstitusjonar og -organisasjonar har eit landsdekkjande ansvar for å bevare privatarkiv frå bestemte samfunnsområde, såkalla sektoransvar, slik Nynorsk kultursentrum har ansvar for privatarkiv knytte til nynorsk skriftkultur. I 2024 var det åtte definerte samfunnsområde der ulike institusjonar har sektoransvar: arbeidarrørsla (Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek), bergindustri (Norsk bergindustriarkiv), folkemusikk og folkedans (Norsk senter for folkemusikk og folkedans), kunst og kultur (Nasjonalbiblioteket), LHBT+ (Skeivt arkiv), misjon og diakoni (Misjons- og diakoniarkivet), samisk kultur og historie (Samisk arkiv) og nynorsk skriftkultur (Nynorsk kultursentrum). Dei fleste med ei slik koordinatorrolle er òg depotinstitusjonar og driv sjølve med både innsamling og oppbevaring av arkiv.



På besøk hos Skeivt arkiv i januar 2023, der mellom anna fana til Homofil Bevegelse i Bergen vart vist fram. Foto: Stina Aasen Lødemel / Nynorsk kultursentrum.

2.1.3 Historikk for privatarkivarbeid

Arkivmeldinga i 2013 (Meld. St. 7 (2012–2013)) gav Riksarkivaren ansvaret for å styrkje privatarkivarbeidet i Noreg. I oppfølginga av arkivmeldinga vart prosjektet SAMDOK etablert, med privatarkiv som det eine satsingsområdet.⁵ Strategigruppa for privatarkiv i SAMDOK leverte i 2014 utgreiinga «En helhetlig samfunnshukommelse». På bakgrunn av utgreiinga utforma Riksarkivaren ein strategi for privatarkivfeltet i Noreg som vart vedteken i 2015.⁶ Her vart det særleg peikt på to naudsynte hovudgrep: å sørgje for ei tydelegare arbeidsdeling og tilføre fleire ressursar.

I den gjeldande strategien for privatarkivfeltet⁷ er det formulert fire samfunns mål:

- 1) Sikre heilskapleg samfunnsdokumentasjon
- 2) Bevaring av privatarkiv blir tydeleg prioritert
- 3) Brukarar har god tilgang til privatarkiv på line med offentlege arkiv
- 4) God utnytting av ressursar

I undermåla til punkt 2 blir det mellom anna løfta fram at det skal vere ei klar fordeling av ansvar og roller nasjonalt (Riksarkivaren) og regionalt (fylkeskommunane) på privatarkivfeltet, at det er etablert ei god arbeidsdeling mellom arkivbevarande institusjonar, at fylkeskoordinerande institusjonar har utvikla strategiar for bevaring av privatarkiv i alle regionar, og at institusjonar med nasjonal bevaringspolitikk har utvikla strategiar for bevaring av privatarkiv for det samiske samfunn i Norden, dei nasjonale minoritetane og spesielle sektorar/tema.

Det har dei siste åra vore ei prioritert oppgåve for dei fylkeskoordinerande institusjonane og institusjonar med nasjonalt sektoransvar å få på plass bevaringsplanar. Dette inngår i arbeidet mot målet om heilskapleg samfunnsdokumentasjon og tydeleg ansvarsfordeling på privatarkivfeltet.

I 2019 overleverte arkivlovutvalet utgreiinga «Fra kalveskinn til datasjø – Ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiver» (NOU 2019: 9) til Kulturdepartementet. Den nye arkivlova og forskrifta til denne er per januar 2025 framleis under arbeid.

Strategigruppa for privatarkiv i SAMDOK leverte i 2017 rapporten «Nettverk for arkiv i næringssektorer».⁸ Slik tittelen viser til, handlar utgreiinga hovudsakleg om privatarkiv i næringssektoren. I utgreiinga vert det likevel òg sett på korleis den tradisjonelle privatarkivsatsinga har vore organisert med geografiske ansvarsområde, og korleis ein kan finne fleire og nye tilnærmingsmåtar i privatarkivarbeidet. Ei sektorbasert tilnærming går også lenger tilbake i tid, og Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek fekk allereie i 2001 gjennom samarbeidsavtale med Arkivverket nasjonalt bevaringsansvar for ei rekkje arkivskaparar. Det er Arkivverket som avgjer kva samfunnsområde som skal vere dekte av nasjonale satsingar.

2.1.4 Privatarkiv i musea

Arkivmeldinga frå 2013 (Meld. St. 7 (2012–2013) Arkiv) peikte på at privatarkiv bør få ein større plass i den samla samfunnsdokumentasjonen, og ville løyse dette gjennom strategisk og systematisk planarbeid og gjennom samspel mellom ulike aktørar. Musea er éin av desse aktørane. Ein stor del av musea i det nasjonale museumsnettverket er òg arkivinstitusjonar. Museum som er offentlege finansierte og ein del av det nasjonale museumsnettverket, følgjer ICOMs internasjonale museumsdefinisjon og ICOMs etiske retningslinjer.

Allereie i 2007 sette ABM-utvikling og Riksarkivet i gang eit prosjekt for å sjå nærare på privatarkiv i norske museum, «Privatarkiv i museum». Nokre år tidlegare vart det gjennomført eit kartleggingsprosjekt om bevarings- og formidlingssituasjonen for lokalt og regionalt bevarte arkiv. Prosjektet vart slutført med rapporten «Til kildene! Kartlegging av regionale og lokale arkiver» (2007).

I arkivmeldinga frå 2013 la Kulturdepartementet opp til at satsinga på privatarkiv i musea best skjer som ein integrert del av museumsforvaltninga.

⁵ Arkivverket.no: Om SAMDOK-prosjektet:

<https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/utviklingsprosjekter/avsluttede-prosjekter/samdok/om-samdok-prosjektet> (lesedato 25.6.2024)

⁶ Arkivverket.no: «Strategi for privatarkivfeltet i Norge», 2015–2020

⁷ Strategien vart revidert i 2018, gjeldande for 2019–2023. Revidert strategi er per 2024 under arbeid.

⁸ Samdok, delprosjekt privatarkiv: «Nettverk for arkiv i næringssektorer» (PRIV 2017/4)

<https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/utviklingsprosjekter/avsluttede-prosjekter/samdok/samdok-delprosjekt-privatarkiv>

2.1.5 Tilgjengeleggjering og digitalisering

Tilgjengeleggjering og digitalisering av arkiva er ei viktig oppgåve og eit satsingsområde for heile arkivsektoren. Slik sikrar ein at viktig dokumentasjon blir meir tilgjengeleg for publikum, i tillegg til å sikre sjølve bevaringa av materialet mot materiell forvitring.

Digitalisert arkivmateriale frå arkiv som er registrerte i Asta, kan gjerast tilgjengeleg på mellom anna Digitalarkivet og/eller Arkivportalen. Digitalarkivet har òg opna for direkte langtidslagring og publisering av digitalt materiale i løysinga si utan å gå via ei ekstern registreringsplattform.

Per 2025 finst det eit mangfald av løysingar for å gjere digitalisert arkivmateriale tilgjengeleg. I 2020 vedtok Stortinget ei satsing på Digitalarkivet, drive av Arkivverket, som nasjonal fellesløysing for bevaring og tilgjengeleggjering av arkiv. I realiteten vert arkivmateriale registrert og gjort tilgjengeleg både i egne interne løysingar per arkivinstitusjon, på DigitaltMuseum, i Arkivportalen og andre stader.

Transkribering av handskrift og lyd er viktige tiltak for å gjere arkivmateriale tilgjengeleg for publikum.

2.1.6 Heilskapleg og samordna samlingsutvikling

I museumsmeldinga frå 2021 blir det peikt på at det er viktig å leggje til rette for samordna samlingsutvikling nasjonalt. Museumsmeldinga legg politiske føringar for at musea skal leggje til rette for planlagd og samordna samlingsutvikling, med særleg vekt på mangfald og representativitet både lokalt, regionalt og nasjonalt. Det er venta at musea tek omsyn til at samlingsutviklinga skal vere berekraftig, med tanke på tilgjengelege ressursar økonomisk, menneskeleg og bevaringsmessig.

Museumsmeldinga legg opp til at musea skal drive aktiv samhandling gjennom samarbeid, nettverk og godt samspel mellom dei tre sektorane arkiv, bibliotek og museum. Her blir det òg trekt fram at det i framtida kan vere behov for å drøfte nye løysingar for samarbeid mellom museum,


Arkivverket, andre arkivinstitusjonar og Nasjonalbiblioteket. Også arkivlovutvalet løftar fram at det er naudsynt med eit samspel mellom ulike aktørar for å få til ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon, der også museum og bibliotek høyrer med.

2.1.7 Nokre tal for privatarkiv

Arkivstatistikken for 2023 viser at målt i hyllemeter fordeler privatarkivbestanden seg slik mellom dei ulike bevaringsinstitusjonane: 28 prosent hos Arkivverket, 23 prosent hos museum, 22 prosent hos kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar, 17 prosent hos bibliotek og lokalhistoriske arkiv og 10 prosent hos andre arkivinstitusjonar. 31 prosent av arkiva målt i hyllemeter er ikkje ordna.

Målt i *antal arkiv* er musea den største sektoren som bevarer privatarkiv, med om lag to tredjedelar av privatarkiva. I snitt har bibliotek og museum mange mindre privatarkiv, medan arkivinstitusjonane i stor grad tek vare på større arkiv.

Fordeling av privatarkiv etter institusjonstype målt i hyllemeter i 2023



Graf: Fordeling av privatarkivbestanden etter institusjonstype i hyllemeter per 2023. Kjelde: «Statistikk for Arkivinstitusjonar og arkiv i bibliotek og museum 2023», Arkivverket.




Digitalisering og digital tilgjengeleggjering av arkivmateriale er eit viktig satsingsområde for heile ABM-sektoren.
Foto: André Hustoft Nesheim.

3 NYNORSK: UTBREIING OG BAKGRUNN

3.1 Eit norsk språk: frå idé til røynd, frå tale til skrift

Ser vi på kart over kvar nynorsk er opplæringsspråk i skulen og administrasjonsspråk i kommunane, er det lett å tenkje at ein bevaringsplan for nynorskarkiv er noko som først og fremst bør handle om arkiv frå områda der nynorsk er mest utbreidd i bruk i dag. Det er òg nærliggjande å tenkje at nynorsk skriftkultur primært er relevant når ein omtalar aktørar innanfor samfunnsområde der nynorsk står sterkast, til dømes skjønnlitteratur, offentleg forvaltning og lokal-journalistikk. Dessutan er det lett å tenkje at den nynorske historia ikkje er eldre enn føregangspersonar som Ivar Aasen (1813–1896) eller Hulda Garborg (1862–1934).



Kart over Noreg som viser kva vedtak som er gjort om språk i alle kommunane per 2016.
Erik Bolstad / Store norske leksikon.
Lisens: CC BY SA 3.0



Plakat frå Det norske Skuespillerselskab si oppsetjing av Hulda Garborg-stykket «Rationelt Fjøsstell» i 1904. Foto: Nasjonalbiblioteket. Falle i det fri.

Ideen om eit eige norsk språk, framveksten av nynorsk, bruken av nynorsk og den politisk-kulturelle rørsle som har arbeidd for språket, ofte omtala som målrørsle, er i realiteten eit mykje vidare tema enn som så. Nynorsk skriftkultur rører ved heile Noreg, heile det norske samfunnet, og omfattar ein lengre tidsperiode enn levedagane til Ivar Aasen og fram til 2020-talet. Nynorsk er og har vore brukt i eit mykje større geografisk område og på mange fleire samfunnsområde enn der språket står som sterkast i dag.

Ein viktig del av den historiske bakgrunnen for framveksten av nynorsk er at dansk tok over som skrift- og styringsspråk i Noreg i dansketida. Før dette hadde gamalnorsk vore det dominerande skriftspråket. Språkskiftet tok til ved innføringa av Kalmarunionen mellom Danmark, Sverige og Noreg på slutten av 1300-talet. Stillinga til dansk vart styrkt då Noreg som stat mista den sjølvstendige stillinga si ved reformasjonen i 1536, og frå 1550 vart bibelen på dansk teken i bruk i kyrkjene. Med innføringa av tvungen konfirmasjon i 1736 vart kristendomsopplæringa på dansk. Det gamalnorske skriftspråket heldt seg lengst i lovverket, fram til Magnus Lagabøtes landslov vart erstatta av Christian den fjerdes Norske Lov i 1604.

Språksituasjonen i Noreg var såleis todelt: Alle som kunne lese og skrive i Noreg – og etter innføringa av tvungen konfirmasjon gjaldt dette stadig fleire – las og skreiv dansk som i Danmark. Det norske språket levde på same tid vidare som det dominerande talespråket i Noreg. Samstundes tala embetsmenn i Noreg i stadig større grad dansk, og samar, kvenar, skogfinnar og andre minoritetar nytta sine eigne språk i daglegtalen.

Det fanst òg spreidde forsøk på å dokumentere og dikte på norsk i dansketida. Eit tidleg døme er Christen Jensøns *Den norske Dictionarium eller Glosebog* (1646), med om lag tusen oppslagsord frå Sunnfjord. Dette vert rekna som den eldste norske trykksaka på ei norsk dialekt. Året etter vart «Rabnabrydlaup i Kråkelund» gitt ut på Sotra-mål i København som ein del av *Tvende lystige norske Viser* (1647). Dette vart den første trykte visa på ei norsk dialekt. Dette er tidlege døme på den omfattande skrive- og forteljekulturen i Noreg, med skrivande miljø i både by og bygd. Sivert Aarflot (1759–1817) sitt arbeid i Volda syner at skrivande folk på bygdene òg bygde skriftkulturelle institusjonar, slik som det første folkebiblioteket på landsbygda (1797), det første prenteverket på landsbygda (1809) og den første avisa på landsbygda, Norsk Landboeblad (1810).

Desse døma syner at også tida før Ivar Aasen er relevant for å forstå den nynorske skriftkulturen.

Det nynorske skriftspråket vart først utforma av Ivar Aasen med grammatikkar (1848, 1864) og ordbøker (1850, 1873), etter dei mange reisene hans der han dokumenterte dei norske dialektane. Han såg både samanhengar mellom dei ulike dialektane i Noreg og koplingar til det gamalnorske skriftspråket, som hadde gått tapt i mellomalderen. Fleire andre aktørar arbeidde òg for det same målet som Aasen, både før, samtidig og etter hans tid.

Det nye språket nynorsk vart formelt likestilt med dansk ved jamstillingsvedtaket i 1885. Nynorsk vart lov å velje som opplæringspråk i skulen i 1892, og frå 1932 kunne kommunane velje kva for eit av dei to norske språka staten skulle bruke i møte med dei. Sidan då har nynorsk vore eit nasjonalt språk, bygd på dialekter frå heile Noreg. Språket har både nasjonale institusjonar, ei sterk stilling i det offentlege Noreg og eit sterkt institusjonelt fotfeste lokalt og regionalt i fleire delar av landet.

Framveksten av nynorsk kan skildrast gjennom fire tidsfasar med ulike mål:⁹

1. **Etablering**, med mål om å stable på beina institusjonar og syne at språket bygde på dei norske dialektene
2. **Utskiljing**, med mål om å syne språkleg og kulturell avstand til den då dansk språklege skriftkulturen
3. **Integrering**, med mål om å gje nynorsk ein sjølvsgd plass i samfunnet
4. **Allminneleggjering** av nynorsk i bruk

Tidsfasane for dei ulike samfunnsområda varierer. For nynorsk i media har ein til dømes i tidlegare forskning sett opp tidsperiodane 1858–1904 for etableringsfasen, 1904–1945 for utskiljingsfasen, 1945–1972 for integreringsfasen og 1972–2010 for allminneleggjeringsfasen.¹⁰

Forkjemparane for nynorsk har nytta ulike strategiar på ulike samfunnsområde, særleg *integrering* og *utskiljing*.¹¹ Til dømes vart nynorsk integrert i skulane, kyrkjene og offentleg administrasjon, medan det gjekk føre seg ei utskiljing ved etablering av eigne private nynorske kulturinstitusjonar for å styrkje språket. Samspelet mellom ulike aktørar og institusjonar har vore avgjerande for framveksten og styrkinga av nynorsk. Dette gjeld mellom anna innanfor litteraturfeltet, der fleire enn berre forfattaren og lesaren er sentrale aktørar i bindeleddet mellom desse. Her finn ein både institusjonar og frivillige lag som til dømes arbeider med formidling av nynorsk litteratur.

Kjennskap til den nynorske historia, tidsfasane og strategiane som er skildra ovanfor, er viktig for å kunne arbeide med privatarkiv som dokumenterer nynorsk skriftkultur.

⁹ Mellom anna i *Språkfakta 2020* (Grepstad, 2020, side 74)

¹⁰ *Avisene som utvida Noreg*. Nynorskpressa 1850–2010. (Grepstad, 2010)

¹¹ *Den nynorske litteraturen 1848–2018*, nynorsk.no (lesedato 13.11.2024)

3.2 Nynynorsk i den norske språkdebatten

I den norske språkdebatten har det vore mange ståstadar og tidvis harde frontar. Striden har stått om fleire kjerne-spørsmål: Skal det vere eitt eller to norske språk? Kva bør i så fall dette språket vere? Korleis bør vi skrive nynorsk – og bokmål? Skal språka bli likare kvarandre, og bør kva dialektar skal skriftspråka byggje på? Og kva verdi har dei norske dialektane?

Samnorsk, målet om å slå saman nynorsk og bokmål til eitt språk, var fram til 2002 eit språkpolitisk mål for den norske staten. Samnorskorganisasjonar som Landslaget for språklig samling er knytte til nynorsk skriftkultur, sidan arbeidet deira har vore med på å påverke nynorsk rettskriving og nynorsk sin posisjon i samfunnet. Det har vore danna andre organisasjonar ut i frå ulike ståstadar om korleis nynorskrettskrivinga skal sjå ut, slik som Høgnorskringen og Nettverk for tydeleg og enkel nynorsk.

Dessutan har det vore fleire bokmåls- og riksmålsorganisasjonar som Riksmålsforbundet, Det Norske Akademi for Språk og Litteratur og Foreninga for radikal bokmål. Arkiva deira og blad knytte til organisasjonane, som Ordet og Frisprog, kan seie mykje om den norske språkdebatten. Likeins kan arkiv etter sentrale personar som har arbeidd for dei ulike språkpolitiske posisjonane syne fram andre perspektiv på nynorskhistoria, som kanskje ikkje like tydeleg kjem fram i arkiva etter nynorskorganisasjonar og -forkjemparar.

Koplinga mellom nynorsk og dei norske dialektane er og har vore viktige i målrørsla. For det store, dokumenterande ordboksverket Norsk Ordbok er denne koplinga tydeleg tilstande i undertittelen: «ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet».

I lys av denne tradisjonen er det ikkje unaturleg å inkludere arkiv knytt til personar og organisasjonar som arbeide for norske dialektar i arbeidet med nynorsk skriftkultur. Til dømes arbeidde organisasjonen Østlandsk reisning (1916–1926), med tidsskriftet Østagleitt, for å gjere begge skriftspråka likare austnorske dialektar.

Det har dessutan vore lokale dialektorganisasjonar, både med og utan tilknytning til nasjonale organisasjonar som Noregs Mållag, slik som Oppdal dialektlag, Senjamållaget og Toten dialekt- og mållag. Det har derimot ikkje vore nokon reine, landsdekkjande dialektorganisasjonar, men organisasjonar som Noregs Ungdomslag, Noregs Mållag og Norsk Målungdom har dei norske dialektane som ei av sine viktigaste saker. Desse organisasjonane var til dømes sentrale i dei såkalla dialektaksjonane på 1970- og 1980-talet.



Foto frå eit 1. mai-tog i Oslo med parole for nynorsk og dialektbruk. Fotografiet er frå arkivet til Norsk Målungdom. Ukjent årstal. Fotograf: Ukjent. Eigar: Nynorsk kultursentrum.


3.3 Geografisk utbreiing for nynorsk

Nynorsk står i dag sterkast på Vestlandet, i dalføre på Sør- og Austlandet og i tilgrensande område. Her er nynorsk opplæringsspråk og lokalt administrasjonsspråk i kommunane og fylkeskommunane. Nynorsk har i tillegg vore nytta som eit lokalt språk i eit mykje større område – frå Kvæningen i nord til Lindesnes i sør.

Alt etter kor sterkt nynorsk står i lokalsamfunna, vert ulike område ofte omtala som *kjerneområde* eller *randsoner*, særleg når det gjeld nynorsk i skulen. I «Rapport om språkbyte» vert *kjerneområde* definert som «område, regionar eller kommunar der minst 80 prosent av elevane i skulen har nynorsk som hovudmål, og der minst 80 prosent av elevane held på nynorsk gjennom grunnskulen», medan *randsonene* vert definert som «grenseområde for nynorsk der språket tidlegare har stått sterkt, men der det no er eit

særleg stort press frå bokmål»¹². Dessutan kan vi snakke om *tidlegare nynorskområde*, der nynorsk tidlegare har vore opplæringsspråk og administrasjonsspråk. I desse områda vert nynorsk somme stader framleis nytta i kyrkja og i kulturinstitusjonar, slik som hjå museum.

Dei mange tusen folkerøystingane og politiske debattane som har oppstått om språk i skulane, kyrkjene og kommunane, har gått føre seg i eit endå vidare område enn dei der nynorsk fekk fotfeste. Peder Hovdan (1874–1965) sitt *arkiv for norsk målreising* dokumenterer delar av denne historia. Betre oversikt over relevante privatarkiv om dette temaet kan gi oss meir kunnskap om mellom anna språkstrid i område der nynorsk står mindre sterkt i dag.



Kart som syner nynorsk som opplærings- og administrasjonsspråk i grunnskulen frå 2000/2001 til 2019/2020. Også kommunar der det var nynorskklassar/ skular i 1996/1997, men ikkje i 2000/2001, er tekne med. Henta frå «Rapport om språkbyte 2022» av Språkrådet.

¹² «Rapport om språkbyte», Språkrådet, 2022, side 7–8.

[illegible][illegible]

I denne protokollen dokumenterte Peder Hovdan utbreiinga av nynorsk på mange samfunnsområde. Arkivet inneheld mellom anna avisutklipp, brev og notat.

Foto: Nynorsk kultursentrum.

3.4 Nynorsk i bruk på alle samfunnsområde

Nynorsk står i dag sterkt i det offentlege og i kulturlivet, som i den offentlege forvaltninga, i aviser, ved teatera, i kyrkja og i skjønnlitteraturen. Språket står derimot svakt i kommersielle samanhengar, i digitale tilbod, i det private arbeidslivet og i faglitteraturen.

I arbeidet med nynorske privatarkiv er det viktig å ikkje berre sjå etter privatarkiv etter institusjonar med lang levetid eller institusjonar som har arbeidd på felt der nynorsk i dag har solid fotfeste. For å dokumentere nynorskhistoria kan vi heller ikkje berre ta vare på arkiv etter dei forsøka som har *lukkast*. Det finst fleire døme på at forsøk på å styrkje nynorsk sin posisjon ikkje har fungert, har fått kort levetid eller berre har verka på eit spesifikt tidspunkt. Vi kjem sjølvsagt ikkje utanom viktige institusjonar som framleis er verksame, som forlaget Det Norske Samlaget (1868–), språkorganisasjonen Noregs Mållag (1906–) og riksavisa Dag og Tid (1962–). Like viktig er det å bevare arkiva etter nedlagde nynorsktiltak som barnebokklubben Blåmann (2001–2012) og plateselskapet På Norsk L/L (1982–1988), som i større grad risikerer å gå ut av tida saman med minna om føretaka dei ein gong høyrde til.

Vidsyn er viktig i arbeidet med privatarkiv som dokumenterer nynorsk skriftkultur. Nynorsk er ikkje eit tema berre i dei typiske nynorskområda – nynorsk skriftkultur femnar vidare enn dei samfunnsområda der nynorsk språk står sterkt, og nynorskhistoria har røter som går lenger tilbake enn til Ivar Aasen. Forteljinga om nynorsk er likevel ikkje noko som berre høyrer den fjerne fortida til. Tvert imot er ho ein av mange trådar i forteljinga om det moderne Noreg. Desse perspektiva er det viktig å ta med seg i det vidare arbeidet med å bevare arkiv frå ulike nynorskaktørar, som samla og kvar for seg bidreg med forteljingar om og dokumentasjonen av den nynorske skriftkulturen.



Døme på nynorske vinylplater, mellom anna gitt ut av det nynorske plateselskapet På Norsk L/L. Plater som dette har vore eit viktig medium for å spreie den nynorske songskatten. Foto: Arild Torvund Olsen.

4 KARTLEGGING OG BESTANDS-ANALYSE AV NYNORSKARKIV

4.1 Gjennomføring av kartlegginga

Vi gjennomførte kartlegginga og bestandsanalysen i 2023 og 2024. Kartlegginga har vore todelt: Vi sende ut kartleggings-skjema til ei rekkje organisasjonar, verksemdar, institusjonar – både ABM-institusjonar og nynorskinstitusjonar – og privatpersonar, og vi gjennomførte eit eige kartleggingsarbeid i Arkivportalen.

I tillegg til å kartleggje bevarte arkiv ønskte vi å få innspel om arkiv hos bedrifter, organisasjonar og privatpersonar som ikkje er samla inn og bevarte ved ein bevaringsinstitusjon. Samla gav dette oss også ei grovoversikt over hòla som må tettast på vegen mot målet om ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon av den nynorske skriftkulturen.

Men denne kartlegginga kan ikkje bli nytta blindt som ei fullstendig oversikt over alle nynorskarkiv, for ulike faktorar kan ha påverka kor vidt arkiv som dokumenterer nynorsk skriftkultur, faktisk er fanga opp i denne kartlegginga eller ikkje. Målet med kartlegginga har som sagt vore å få eit første overblikk over situasjonen for nynorskarkiv, både når det gjeld kva som er bevart, og kva som ikkje er bevart.

Gjennom innsende svar i kartlegginga og eiga kartlegging enda vi i første omgang opp med opplysingar om rundt 1700 bevarte arkiv. Etter å ha fjerna duplikat og irrelevante funn sit vi att med om lag 740 bevarte arkiv som er knytte til nynorsk skriftkultur.

I analysen etter kartlegginga har vi konsentrert oss primært om kva arkiv og kor mange arkiv som er bevarte. Vi har samla inn ytterår for arkiva der desse er kjende, i tillegg til omfang (hyllemeter) for ein del arkiv. Samanliknar vi ytteråra for arkiva med opplysingar som stiftelsesår og liknande for den aktuelle arkivskaparen, kan vi få ein peikepinn på i kor stor grad arkiva kan seiast å vere komplett bevarte eller ikkje. Ein slik uttømmende og komplett analyse er det derimot ikkje mogleg å gjennomføre i ei nasjonal kartlegging med dette omfanget av ulike arkivskaparar. Opplysingane som er avdekte i denne kartlegging, vil likevel vere til hjelp i det vidare arbeidet med nynorskarkiv, jamfør tiltaka på lista.

4.2 Avgrensingar og feilkjelder

Kartlegginga har vore avgrensa til å i hovudsak omfatte arkiv på arkivnivå, ikkje underdelar av arkiv på serie-, stykke- eller mappenivå. Det vil likevel vere enkelte unntak. Det vil dermed vere bevaringsverdig dokumentasjon av nynorsk skriftkultur som berre utgjer delar av eit heilt arkiv, og som dermed ikkje blir fanga opp i denne kartlegginga. Avgrensinga er gjort på bakgrunn av tilgangen til ressursar og tid som har lege til grunn for arbeidet med denne planen. Ei kartlegging av relevante arkiv på alle nivå ville gjort både kartlegginga og analysearbeidet langt meir omfattande.

Det kan også finnast bevarte arkiv hos bevaringsinstitusjonar som ikkje er fanga opp i kartlegginga på grunn av metode og bruk av databasar. Arkiva som blir omtala vidare i planen, er i all hovudsak anten kartlagde gjennom at institusjonen har meldt inn arkiva som dei meiner er relevante for nynorsk skriftkultur, gjennom svar i det utsende kartleggingsskjemaet eller gjennom vår eiga kartlegging i Arkivportalen. Arkiv frå institusjonar som ikkje har svart på kartlegginga, og som heller ikkje har arkiva sine registrerte og tilgjengelege via Arkivportalen, er dermed ikkje fanga opp i dette kartleggingsarbeidet. Ved utsending av kartleggingsskjemaet tipsa vi mottakarane som har arkiva sine registrerte i ein

arkivdatabase, om å søkje på ord som *nynorsk*, *mållag*, *målsak*, *målrørsle*, *ungdomslag*, *landsmål* og *frilynde* i tillegg til å gjere ein manuell gjennomgang for å finne arkiv som ikkje er nemnde med desse konkrete orda knytte til seg i deira individuelle arkivdata. Fleire har svart med å lenkje til Arkivportalen med søkerresultata for desse orda i deira eigen arkivbase. Fleire av desse søkjeorda gir overlappende søkerresultat, noko som fører til duplikat i søkjetreffa. Den same problemstillinga dukka raskt opp i vår eiga kartlegging i Arkivportalen. I tillegg gir nokre av desse søkjeorda òg treff på arkiv som er irrelevante i denne samanhengen, slik som ungdomslag som ikkje er eller har vore knytte til målrørsle, til dømes arbeidarrørsle sine ungdomslag eller kristeleg ungdomslag. Vi har så langt som råd er, forsøkt å sortere vekk desse treffa, men det kan førekomme feil.

Ved eksport av vår eiga kartlegging i Arkivportalen vart det oppdaga manglande registrerte opplysingar om geografisk tilhøyrslse for fleire av arkiva. På grunn av mengda arkiv dette gjeld, og rammene for arbeidet har vi her i stor grad teke utgangspunkt i at arkiva er knytte til det fylket som bevaringsinstitusjonen er lokalisert i, og ut frå dette

	FRITEKSTSØK			SØK I ARKIVNAMN		
Søkeord	Arkiv	Serie	Stykke	Arkiv	Serie	Stykke
Nynorsk	16	13	86	5	8	60
Landsmål	4	2	28	0	2	21
Ungdomslag	499	66	324	464	38	246
Ungdomssamlag	2	0	6	1	0	4
Mållag	107	18	113	94	13	94
Målsak	2	3	17	0	2	14
Målrørsle	0	0	0	0	0	0
Målrørsle	0	0	0	0	0	0

Tabell: Statistikk frå søk i Arkivportalen 27.6.2024. Tabellen viser talet på søkjetreff på utvalde søkjeord, både som fritekstsøk og søk på arkivnamn.

manuelt ført inn geografisk tilknytning der opplysinga mangla. Å plassere arkiva geografisk på denne måten kan sjølvsagt gi feilinformasjon.


Arkiv som er bevarte hos nasjonale bevaringsinstitusjonar, og som manglar geografisk tilhøyrslse, har vi gått gjennom manuelt for å gi stadstilknytning, i tillegg til å plassere ein del av dei i ein kategori med arkiv utan spesifikke stadstilknytningar. Arkiv som dekkjer heile landet, til dømes hovudorganisasjonen av ein organisasjon eller ein landsomfattande institusjon, er lagde i ein eigen geografikategori kalla «Heile landet».

Ei anna feilkjelde som kan gi misvisande utslag på statistikken, spesielt når det gjeld kategorien «organisasjonar» fordelt per fylke, er at arkiv kan vere samla inn og/eller registrerte på ulike måtar i Asta. Eit lokallag av eit ungdomslag eller mållag ligg som oftast som ei eiga arkiveining, men i nokre tilfelle er lokallag registrerte som delar av eit arkiv for region- eller fylkeslaget. Ved kvantitativ teljing, der vi berre tel arkivnivå, er alle desse lokallaga berre talde som eitt samla arkiv.

Arkiv som ikkje er omfatta i kartlegginga, er arkiv som:

- ikkje er melde inn i samband med kartlegginga
- ikkje er publiserte på Arkivportalen
- ikkje er funne i Arkivportalen ut frå søk gjort med eit utval søkjeord
- ikkje er bevarte eller registrerte hos ein arkivinstitusjon

Kartlegging av bevarte nynorskarkiv (i tal)



Graf: Bevarte nynorskarkiv kartlagde etter fylke, alle typar arkiv.

4.3 Kategorisering og inndeling

Då vi sende ut kartleggingsskjemaet, bad vi mottakarane om å kategorisere arkiva i ulike kategoriar: bedrift, institusjon, organisasjon, samling, legat og person. For personarkiv bad vi dei òg om å opplyse om kjønn på arkivskaparen.

I Arkivverkets bevaringsplan (2020) er samfunnet delt inn i 27 samfunnsområde. Denne kategoriseringa er delvis basert på kategoriseringa i SSBs næringsgruppering (NÆRING/SN2007/NACE) og den internasjonale standarden for kategorisering av frivillige organisasjonar, ICNPO. Samisk bevaringsplan (2024), som er bygd opp over same mal og metode som Arkivverkets bevaringsplan, nyttar i stor grad også denne inndelinga i samfunnsområde, i tillegg til særeigne samiske kategoriar.

Vi har i denne planen valt å dele inn arkiva etter kategoriane organisasjon, bedrift, institusjon, samling, legat eller person. Sjølv om nynorsk er ein del av dei fleste samfunnsområde både historisk og i samtida, fann vi det meir praktisk å dele inn arkiva etter type arkivskapar. Bruk av næringskategoriane ville ført til ei framstilling med få arkiv på mange av samfunnsområda, og svært mange arkiv fordelt på nokre få samfunnsområde. Vi fann òg at mange av arkiva vi kartla i Arkivportalen, mangla nærings- eller organisasjonskategoriar, og då ville det ha blitt eit omfattande arbeid å finkategorisere funna etter samfunnsområde.

Sjølv med få kategoriar er det ikkje i alle tilfelle like enkelt å plassere arkiva etter kategori. Ofte skilr kategoriar over i kvarandre. Til dømes kan eit ungdomslag ha starta ei kaffistove som i delar av driftsperioden var ein del av organisasjonsdrifta, men som etter kvart vart ei eiga bedrift. Kategoriane er derfor ikkje absolutte. Kategorien samling er arkivsamlingar som er samla inn for å dokumentere ei hending eller eit emne, men som ikkje ein del av den ordinære verksemda til arkivskaparen. Kategorien bedrift er verksemdar som driv med sal, uavhengig om det er kommersielt eller ikkje. Kategorien institusjon er ei konkret eining som varetek ulike samfunnsoppgåver. Kategorien organisasjon er synonymt med lag og foreiningar og er ei sjølvstendig eining med medlemmer.

4.4 Bestandsanalyse

4.4.1 Hovudfunn

Hovudfunna i kartlegginga av bevarte arkiv knytte til nynorsk skriftkultur viser at det i stor grad er bevart arkiv etter ungdomslag og mållag, etter privatpersonar som har gjort ein innsats for nynorsk skriftkultur, og etter forfattarar.


Av dei bevarte arkivførekomstane vi har kartlagt, er om lag 79 prosent organisasjonsarkiv, der ungdomslag og mållag dominerer. Det er bevart flest ungdomslags- og mållagsarkiv i fylke der nynorsk står sterkt i dag. Blant ungdomslag og mållag dominerer dei førstnemnde, og om lag 70 prosent av bevarte nynorskarkiv av typen organisasjon er arkiv etter ungdomslag, medan om lag 20 prosent er etter mållag.

Det er her viktig å understreke at feilkjeldene kan vere fleire. Mellom anna er ungdomslag og mållag omgrep vi brukte som søkjeord ved eiga kartlegging via Arkivportalen, og

blant orda vi tipsa andre om å bruke ved søk i eigne data-basar. Desse søkjeorda gir mange søkjetreff, både i fritekstsøk og i søk på arkivnamn i Arkivportalen. Når ein talar om arkiv knytte til nynorsk skriftkultur, tenkjer ein gjerne først på arkiv etter ungdomslag og mållag, og dermed vil arkiv av denne typen dominere.


Her kan vi nemne ei anna stor utfordring vi har sett i kartleggingsarbeidet: attfinning av nynorskarkiv. Det finst mange arkiv etter privatpersonar, institusjonar, bedrifter og samlingar som ein ikkje vil finne ved ei slik kartlegging med mindre ein kjenner til verksemda eller personen frå før, då berre eit fåtal av desse er merkte med emneord vi i stor grad har brukt i kartleggingsarbeidet. Betre synleggjering og attfinning av arkiv frå dette samfunnsområdet er eit viktig arbeid i planperioden og sentrale verkemiddel for å gjere arkiva meir tilgjengelege, slik at folk kan finne dei til bruk i forskning og anna.

Bevarte nynorskarkiv etter type, i prosent



Graf: Bevarte nynorskarkiv som er kartlagde, fordelt etter type, i prosent.

Bevarte nynorskarkiv etter type, i antal



Graf: Bevarte nynorskarkiv som er kartlagde, fordelt etter type, i tal.

4.4.2 Personarkiv

Arkiv etter personar utgjer den nest største kategorien i kartlegginga. Dette er personar som gjennom interesseområde, verv, forfattarskap eller anna har ei rolle i forteljinga om den nynorske skriftkulturen, anten på lokalt, regionalt eller nasjonalt nivå.

I kartlegginga fann vi flest bevarte personarkiv som kan knytast til nynorsk, i Vestland, i tillegg til ein del som anten er av nasjonal art, eller som ikkje merkte med geografisk tilhøyrslse. Vi valde å dele kategorien personarkiv etter kjønn for å få eit bilete av kjønnsbalansen blant bevarte personarkiv. Ikkje uventa er arkiv etter kvinner sterkt underrepresenterte. Under 10 prosent av bevarte personarkiv er etter kvinner, med ei fordeling på 94 arkiv etter menn og åtte arkiv etter kvinner.

Det å kategorisere personarkiv etter emnet nynorsk er ei øving som fordrar god kjennskap til både arkiva og nynorsk som felt, eller at det i arkivomtalen på Arkivportalen er brukt ord som nynorsk eller målsak, slik at det blir fanga opp gjennom søka vi har gjort sjølve. Arkiva etter personar som er interessante i eit nynorskperspektiv, kan vere bevarte av fleire andre grunnar, ikkje nødvendigvis primært på grunn av innsatsen deira i til dømes målrørsla. Dermed er det minst sjanse for at arkiv i denne kategorien er fanga opp gjennom kartlegginga. Av same grunn er det vanskeleg å vurdere deknings- og bevaringsgraden i denne kategorien.

Når det gjeld arkiv etter personar på lokalt og regionalt nivå, er det gjerne snakk om personar som har vore aktive og gjort ein særleg innsats i fleire organisasjonar og/eller på fleire samfunnsområde, ofte lærarar, lokalhistorikarar, skribentar, personar med verv i ungdomslag eller mållag, personar som har vore engasjerte i museumsdrift eller Venstre-politikarar/-sympatisørar.

Ei anna gruppering i denne kategorien er personar som har gjort ein spesiell innsats på særskilde område gjennom leiar- eller styreverv, som vitskapspersonar eller på andre måtar gjennom sitt virke.

Ei tredje inndeling i kategorien er forfattarar som har markert seg nasjonalt.


4.4.3 Institusjonar og bedrifter

Kartlegginga har fanga opp få arkiv etter bedrifter og institusjonar der nynorsk har spela ei spesiell rolle utover å vere bruksspråk. Berre 13 bevarte arkiv etter institusjonar og 32 bevarte arkiv etter bedrifter har kome fram i kartlegginga. Dette er i all hovudsak arkiv etter kaffistover, bondeheimar og aviser, i tillegg til nokre få språk- og kulturinstitusjonar og bedrifter.

Noko av forklaringa på at det er fanga opp få arkiv etter institusjonar og bedrifter, er nok at desse ikkje er like lette å fange opp gjennom

søk på utvalde omgrep som organisasjonsarkiv. Kategoriane bedrifter og institusjonar er dermed sterkt underrepresenterte. Dette gjeld òg mellom anna på område der nynorsk tradisjonelt har stått sterkt, som i aviser og skjønnlitteratur. Til dømes blir sjølve avisene og publikasjonane bevarte og tilgjengeleggjorde gjennom Nasjonalbiblioteket, men kartlegginga viser at arkiv etter avisredaksjonar, forlag og andre verksemdar har låg dekningsgrad blant bevarte arkiv.

Bevarte bedrifts- og institusjonssarkiv, etter fylke



Graf: Bevarte bedrifts- og institusjonssarkiv som er kartlagde, etter fylke.

4.4 Samlingsarkiv

Vi har i kartlegginga berre funne 16 arkiv som er plasserte i kategorien samling. Dette er typisk arkiv som er samla inn for å dokumentere ei hending eller eit emne utanfor arkivskaparens vanlege verksemd. Døme på dette er arkivet Nynorsk Salmebok, samla inn av Peter Hognestad.

4.4.5 Annan informasjon

I kartlegginga har vi ikkje analysert kor fullstendig bevarte dei enkelte arkiva er. Det vil seie at vi ikkje har vurdert om arkiva kan seiast å vere komplette eller ikkje utifrå slik dei var då dei vart skapte. Vi har heller ikkje gjort noko vurdering av oppbevaringsforhold eller magasinplass i høve til desse arkiva. Informasjon om arkivskapar, hyllemeter og ytterår kan seie noko om i kva grad eit arkiv komplett eller berre fragmentert bevart. Informasjon om hyllemeter og anna er likevel registrert i kartlegginga der denne informasjonen er kjend. Desse opplysingane vil kunne vere til nytte i det vidare arbeidet.

5 BEVARINGSVURDERINGAR OG DOKUMENTASJONSMÅL

5.1 Innleiing

Norske arkivbevarande institusjonar kan ikkje ta vare på alt som er skapt av arkiv. Arkiva krev plass, og ein må òg tenkje på om det er berekraftig å ta vare på dei, for arkiva skal ikkje berre oppbevarast, dei skal òg takast vare på, registrerast og gjerast tilgjengelege. Dette krev ressursar, og ein må gjere nokre val som gjer arbeidet realistisk, samstundes som det ikkje går utover den heilskaplege samfunnsdokumentasjonen. I dette kapittelet gjer vi greie for bevaringsvurderingar vidare og for kva dokumentasjonsmål vi skal jobbe etter.

5.2 Kvalitative bevaringskriterium

I ei kartlegging av dette omfanget er det ikkje mogleg å vurdere ut frå innhaldet i materialet, og det har heller ikkje vore eit mål. I tråd med etablert arkivfagleg praksis og metodikk¹³ har vi lagt til grunn både funksjonsrelaterte og innhaldsrelaterte bevaringskriterium. Vi har nytta ein kombinasjon av kvantitative og kvalitative kriterium i vurderingane, med vekt på sistnemnde.

Kvalitative kriterium vi har lagt særleg vekt på:

- viktige nynorskinstitusjonar og prioriterte aktørar
- pionerverksemd: arkiv som dokumenterer nyskaping og utvikling
- status: arkiv etter verksemdar, organisasjonar og privatpersonar som har spela ei viktig rolle eller dokumenterer viktige hendingar
- mangfald og mindretal
- geografisk representativitet

5.3 Arkiv som ikkje er bevarte

I kartleggingsarbeidet sende vi som nemnt òg ut e-post til organisasjonar og ein del privatpersonar og bad dei om å melde inn både bevarte og ikkje bevarte arkiv. Her har vi fått inn informasjon om fleire arkiv som eksisterer, men som ikkje er bevarte hos ein arkivbevarande institusjon. Her varierer detaljane i opplysingane og ikkje minst omstenda rundt arkiva, og vi går derfor ikkje detaljert inn på desse i planen. Nærare undersøking og kartlegging av desse arkiva blir ein del av tiltaka i planperioden.

¹³ Rapport frå Bevaringsutvalget 2002 og rapport frå Utvalget for bevaring av digitalt skapt dokumentasjon 2023

5.4 Dokumentasjonsmål

5.4.1 Nynorske privatarkiv


Institusjonalisering av nynorsk på ulike område har vore viktig i historia om nynorsk skriftkultur, jf. kapittel 3 om nynorsk i samfunnet. Denne institusjonaliseringa har skjedd i skulen, i kyrkjene, i kommunane og innanfor anna offentleg forvaltning som på arkivfeltet blir bevart gjennom andre bevaringsordningar. Men historiene om alle folkerøystingane, debattane, motstand og sigrar blir òg fortalt frå andre perspektiv og med andre stemmer i andre arkiv. Her finn vi det store omgrepet privatarkiv. Samla skal desse arkiva kunne utfylle kvarandre og gi ulike inngangar og perspektiv til historia. Dette er arkiv frå organisasjonar, institusjonar, bedrifter, personar, samlingar og andre privatarkiv.

5.4.2 Organisasjonar

Kartlegginga viser at det er bevart mange arkiv etter mållag og ungdomslag. Når vi samanliknar fylka, ser vi likevel store variasjonar, og dei kan ikkje berre forklarast med kvar nynorsk har stått sterkt og svakare.

Av dei ca. 570 kartlagde organisasjonsarkiva er om lag 70 prosent ungdomslag og 20 prosent mållag. Resten er primært andre kulturlag, som arkiv etter leikarringar. Noregs Mållag hadde 187 lokal- og fylkeslag og om lag 15 700 medlemmer i 2023, medan Noregs Ungdomslag hadde 329 lokal- og fylkeslag og om lag 14 000 medlemmer. Historisk har Noregs Ungdomslag vore ein større organisasjon.

Bevarte ungdomslags- og mållagsarkiv etter fylke arkiva er tilknytte



Graf: Kartlagde ungdomslags- og mållagsarkiv etter fylke arkiva er tilknytte.



Bilete er teke i Bergen under Aksjon for språkleg rettferd i skulen i 1997. Aksjonen var eit samarbeid mellom Norsk Målungdom, Norsk Elevorganisasjon og Norsk Gymnasiast-samband, som arbeidde for retten til læremiddel på nynorsk. Henta frå arkivet til Norsk Målungdom. Fotograf: Ukjend. Eigar: Nynorsk kultursentrum.

Laget hadde 47 000 medlemmer i 1920, medan Noregs Mållag då hadde 8700 medlemmer.¹⁴

Arkiv etter mållag og ungdomslag gir samla ein brei representasjon av den nynorske skriftkulturen i tillegg til å vere viktige lokalhistoriske kjelder. Det er derfor viktig å ta vare på arkiva etter desse aktørane. Dette gjeld også nærskyldte organisasjonsarkiv og arkiv etter organisasjonar som har tilknytning til eit mållag eller ungdomslag, til dømes arkiv

etter lagsblad (somi kartlegginga er kategoriserte som organisasjonsarkiv, ikkje bedrift). I Arkivverkets bevaringsplan står mellom anna Noregs Ungdomslag som prioritert aktør som Arkivverket skal samle inn. Dette gjeld hovudorganisasjonen sine arkiv, men det er like viktig at også arkiva etter lokal- og regionlaga blir bevarte. Dette gjeld sentrallaga, men det er likeså viktig at arkiva etter lokal- og regionlaga blir bevarte.

¹⁴ Grepstad, 2020, tabell 19.1

5.4.3 Personarkiv




I 2021 gav forfatter og dramatiker Jon Fosse privatarkivet sitt til Nasjonalbiblioteket. Nasjonalbiblioteket har ansvar for bevaring av arkiv etter forfattarar og andre kulturpersonar. Foto: Gorm K. Gaare / Nasjonalbiblioteket.

Å lage ei liste med namn på personar der eventuelle arkiv etter dei kan vere bevaringsverdige, er ikkje mogleg på alle nivå. Som vi har sett, er det ofte samansette årsaker til at eit personarkiv blir vurdert som bevaringsverdig, spesielt på lokal- og regionalnivå.

I ei vurdering av kva personarkiv knytte til nynorsk skriftkultur som bør bli bevarte, kan det vere til hjelp å sjå på tidlegare utval i tillegg til anerkjenningar i form av prisar og heidersmedlemskap. Ei rettesnor kan vere å sjå på kven som har fått biografiar i leksikona Norsk Allkunnebok og Allkunne og i innførings- og oversynsverk som Nynorsk litteraturhistorie, kven som er blitt heiders- eller æresmedlem i sentrale nynorske organisasjonar som Noregs Mållag eller Det Norske Samlaget, eller kven som har fått prisar som Årets nynorskbrukar.

På nasjonalt nivå bevarer Nasjonalbiblioteket arkiv etter forfattarar, kunstnarar, forskarar og andre kulturpersonar. Her kan det òg vere tilgrensande ansvarsområde mellom Nasjonalbiblioteket og institusjonar med spesielle bevaringsområde. Nasjonalbiblioteket tek òg vare på arkiv etter private institusjonar, bedrifter og foreiningar i norsk kulturliv og akademisk.

I kategorien personarkiv blir den skeive kjønnsbalansen over kven og kva som er bevart, ekstra synleg. Å sikre kjønnsbalanse og representativitet, med ekstra vekt på kvinneperspektivet og andre underrepresenterte mindretal, bør inngå som del av vurderingane av kva for nokre arkiv som skal takast vare på.



Brev frå kvinnesaks- og målkvinna Aasta Hansteen til Ivar Aasen, innlimt i boka Aasen fekk frå forfattaren ved utgivinga i 1873. Foto: Nynorsk kultursentrum.

5.4.4 Institusjonar og bedrifter

Arkiv i kategoriane bedrifter og institusjonar er sterkt underrepresenterte i funna i kartlegginga. Truleg er fleire slike arkiv bevarte, men ikkje blitt fanga opp i kartlegginga, og i tillegg har nok fleire arkiv etter bedrifter og institusjonar allereie har gått tapt for ettertida.


I denne kategorien er det arkiv etter fleire bedrifter og institusjonar som bør bli bevarte, mellom anna arkiv etter avis- og forlagsverksemd og folkehøgskular. Det er også eit dokumentasjonsmål å bevare fleire arkiv etter sentrale nynorske bedrifter og institusjonar, og arkiv etter bedrifter og institusjonar som har hatt ein nynorskprofil som ein sentral del av verksemda.




Foto av arbeidskvardagen på Gildevangen kaffistove.
Fotograf: Esther Langberg. Eigar: Oslo Museum. Falle i det fri.



Plakat for Nynorsk Vikeblad. Illustratør: Arne Wold.
Eigar: Nasjonalbiblioteket. Lisens: CC BY-NC-ND.



Reklameplakat for den «fyrste nynorske billegserien» frå Det norske samlaget.
Eigar: Nasjonalbiblioteket. Lisens: CC BY-NC-ND.



Skjermbilete av det nynorske nettleksikonet Allkunne, som vart drive mellom 2008 til 2021.

5.4.5 Samlingsarkiv

Samlingsarkiv viste seg å vere ein liten kategori. Han kan omfatte samlingar frå alle samfunnsområde, alt frå samlingar som er bygde opp etter privatpersonar, til kjeldesamlingar som ein organisasjon eller institusjon har bygd opp.

Det kan finnast mange bevaringsverdige samlingsarkiv rundt om i landet som ikkje er bevarte enda, men som dokumenterer viktige hendingar eller utvikling over tid innanfor bestemte område knytt til nynorsk skriftkultur. Det same gjeld kjeldesamlingar som dokumenterer ulike emne knytte til nynorsk skriftkultur.

5.4.6 Andre prioriterte aktørar

Nynorsk forum er eit samarbeidsorgan for nynorske institusjonar, organisasjonar og bedrifter. Forumet har 21 organisasjonar som medlemmer. Nokre av medlemmene fell under offentleglova, og arkiva deira blir dermed bevarte gjennom andre ordningar. Arkiva til nokre av medlemmene er allereie bevarte. Vi har ei viss oversikt over statusen til arkiva til nokre av desse, men ikkje alle. I planperioden ønskjer vi å samarbeide med desse aktørane for å avklare statusen for arkiva deira og eventuelt vidare arbeid med å sikre arkiva.

Nynorsk forum:

- Bondeungdomslaget i Oslo
- Dag og Tid
- Det Norske Teatret
- Det Vestnorske Teateret
- Jærmuseet/Garborgsenteret
- Kringkastingsringen
- Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK)
- Litteraturselskapet Det Norske Samlaget
- Nemnda for Norsk Ordbok
- Noregs Mållag
- Noregs Ungdomslag
- Norsk Barneblad
- Norsk Målungdom
- NRK Nynorsk mediesenter
- Nynorsk avissenter
- Nynorsk bedriftsforum
- Nynorskfylket Vestland
- Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur
- Nynorsk pressekontor
- Nynorsksenteret, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
- Teater Vestland



Sju teaterbrosjyrer frå Det Norske Teatret med informasjon om oppsetjingar kring tusenårsskiftet.
Foto: Nynorsk kultursentrum.



Magni Øvrebotten, tidlegare leiar for NRK Nynorsk mediesenter, syner fram bilete og avisutklipp frå tida si i NRK Sogn og Fjordane.
Foto: Nynorsk kultursentrum.



Framsida av Motmæle vol. 30, nr. 4 2016. Motmæle er medlemsbladet til Norsk Målungdom.
Foto: Nynorsk kultursentrum.

5.5 Overblikk og retning vidare

Kartlegginga har vist oss at det finst mykje spennande arkivmateriale rundt om i landet, men òg at det er store hòl. Det er eit viktig arbeid å fylle desse for å bidra til å sikre heilskapleg samfunnsdokumentasjon.

I ei kartlegging av denne typen, der vi har jobba for å få eit overblikk nasjonalt, er det ikkje mogleg å fange opp alt – både grunna rammene og grunna metodikken for denne planen. Målet i utarbeidinga av denne første planen har vore å få ei grov oversikt over kva som er bevart, og kvar hòla er, og i tillegg peike ut retninga for det vidare arbeidet vi skal gjere på feltet. Det er òg viktig å minne om at denne kartlegginga har teke for seg arkiv på arkivnivå. Det finst i tillegg mykje verdfull og interessant dokumentasjon som berre utgjer delar av arkiv som ikkje i sin heilskap er relevante som dokumentasjon av nynorsk skriftkultur. I kartlegginga har vi òg fått inn tips og informasjon om arkiv som eksisterer, men som ikkje er bevarte ved ein bevaringsinstitusjon.

Ei viktig oppgåve blir å sjå nærare på desse og samhandle med arkivskaparar og aktuelle bevaringsinstitusjonar om å sikre desse arkiva for framtida.

Vi bad i kartlegginga om å få innmeldt både papirarkiv og digitale arkiv. Berre eit par innsendingar omtala den sistnemnde typen. Arkivsektoren står ovanfor eit stort arbeid med å sikre eit etterslep av digitalt skapte arkiv, og det er stort behov for å opparbeide kompetanse på feltet. Majoriteten av arkivdanninga etter år 2000 har skjedd og skjer elektronisk, noko som både gir moglegheiter og byr på utfordringar. Det er viktig at det framover er fokus på denne typen arkivformat for å sikre bevaring av arkiva for ettertida før etterslepet blir enda større. Slik sikrar vi god dokumentasjon av både vår eiga samtid og framtidig skapte arkiv. Tid og avgrensa kompetanse på feltet gjer òg at arkiva kan bli vanskelegare tilgjengelege på grunn av teknologisk utvikling, skifte av system eller anna.

5.6 Dokumentasjonsmål – ei oppsummering

Organisasjonar:

- arkiv etter lokale, regionale og nasjonale lag i Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag.

Personar:

- arkiv etter personar som har hatt sentrale verv og/eller har gjort ein særskild innsats for nynorsk skriftkultur
- arkiv etter skjønnlitterære nynorskforfattarar
- arkiv etter personar som har drive pioner- verksemd knytt til nynorsk skriftkultur.

Institusjonar og bedrifter:

- arkiv etter sentrale nynorske bedrifter og institusjonar
- arkiv etter bedrifter og institusjonar som har hatt ein nynorskprofil som ein vesentleg del av profilen sin, arkiv etter aviser og tidsskrift med nynorsk som redaksjonsspråk, arkiv etter nynorskforlag, arkiv etter frilynde folkehøgskular.

Samlingar:

- arkiv som dokumenterer viktige hendingar
- arkiv som dokumenterer utvikling over tid innanfor bestemte område
- kjeldesamlingar som dokumenterer ulike emne knytte til nynorsk skriftkultur.

Andre prioriterte aktørar:

jf. lista i kapittel 5.4.6.

6.6 TILTAK: KORLEIS ARBEIDE MED PRIVATARKIV OM NYNORSK SKRIFTKULTUR?

6.1 Nynorsk kultursentrum som nasjonal koordinator

Ein viktig del av planarbeidet har vore å kartleggje feltet og informere og opprette kontakt og samarbeid med aktuelle partar og nettverk. Dette vil vi halde fram med i planperioden. Vi vil i tillegg arbeide for å implementere planen og auke medvitet rundt kor viktig det er å bevare og synleggjere nynorske arkiv. Som koordinerande institusjon vil Nynorsk kultursentrum arbeide systematisk for at bevaringsverdige historiske privatarkiv i Noreg knytte til nynorsk skriftkultur blir samla inn, tekne vare på og gjorde tilgjengelege så langt råd er.

Som del av avtalen med Arkivverket inngår Nynorsk kultursentrum i privatarkivnettverket for fylkeskoordinerande institusjonar og institusjonar med nasjonal bevaringspolitikk som Arkivverket har ansvar for å koordinere.

Nynorsk kultursentrum sine eigne prioriteringar av inntak og tilvekstar til eiga samling, skjer i tråd med den interne samlingsplanen. Det kan vere at behovet vil endre seg dei komande åra når denne planen og Nynorsk kultursentrum si rolle på samfunnsområdet blir meir innarbeidd. I arbeidet med planen har vi allereie sett at dette òg aukar førespurnader om arkivavlevering. Korleis det blir løyst i framtida, må vi ta stilling til viss og når dette blir aktuelt.

Avtalen med Arkivverket vart inngått i 2022 og gjeld i første omgang for fem år. Nynorsk kultursentrum sine plikter etter avtalen:

- Koordinere arbeidet med nynorsk språk og skriftkultur med resten av arkivsektoren, særleg dei fylkeskoordinerande institusjonane (for regionale og lokale arkiv), Arkivverket og Nasjonalbiblioteket
- Utarbeide og vedlikehalde ein nasjonal bevaringsplan for nynorsk språk og skriftkultur
- Forplikte oss til å følgje Riksarkivaren sine retningslinjer for arbeidet med privatarkiv i arbeidet vårt som koordinerande instans for historiske arkiv knytte til nynorsk språk og skriftkultur
- Informere Arkivverket om særskilt verneverdige arkiv som gjeld nynorsk språk og skriftkultur

6.2 Mål og tiltak for Nynorsk kultursentrum som nasjonal koordinator i planperioden

- Arbeide for at fleire bevaringsverdige arkiv som dokumenterer historia til nynorsk skriftkultur, blir bevarte og gjorde tilgjengelege, som del av det overordna målet om heilskapleg samfunnsdokumentasjon.
- Vere ein rådgivar på feltet for nasjonale, regionale og lokale institusjonar
- Vere ein rådgivar og eit bindeledd mellom aktuelle depotinstitusjonar og arkiveigarar som ønskjer å avlevere arkiva sine
- Utvikle og synleggjere rolla vår som nasjonal koordinator
- Bidra til å koordinere prioritering og innsamlingsarbeid av nynorskarkiv
- Delta i det nasjonale privatarkivnettverket
- Informere Arkivverket om særskilt verneverdige arkiv som dokumenterer nynorsk skriftkultur
- Utvikle ein ABC-rettleiar for organisasjonar og privatpersonar som sit på arkiv som dei ønskjer å avlevere
- Utvikle ein ABC-rettleiar til hjelp for publikum som leitar etter privatarkiv som dokumenterer nynorsk skriftkultur. Målgruppa for denne vil vere forskarar og andre interesserte.
- Utvikle ein ABC-rettleiar til hjelp for institusjonar som jobbar med bevaring av privatarkiv om korleis jobbe med å sikre og gjere tilgjengeleg dokumentasjon knytt til nynorsk skriftkultur. Bidra til å sikre bevaring av arkiv etter ungdomslag og mållag gjennom samarbeid med fylkeslag, sentrallag og aktuelle arkivinstitusjonar.
- Utvikle pilotprosjekt for bevaring av arkiv etter ungdomslag og mållag som vi søker arkivutviklingsmidlar til (Pilotprosjektet skal ta føre seg eitt eller to fylke og vil munne ut i ein metode som kan nyttast i andre fylke og nasjonalt.)
- Gjere ei meir detaljert kartlegging av nynorske institusjonar og bedrifter, særleg aviser og forlag, og utarbeide ei liste med prioriterte aktørar på feltet
- Følgje opp informasjonen vi fekk inn i kartleggingsarbeidet om arkiv som ikkje er bevarte
- Kartleggje nynorsktiltak som ikkje lenger eksisterer, og undersøkje om arkiva etter desse er tekne vare på
- Samarbeide med prioriterte aktørar for å bevare arkiva deira
- Fornye samarbeidsavtalen med Arkivverket om å vere koordinator og ha nasjonalt samfunnsansvar for privatarkiv knytte til nynorsk skriftkultur (gjeldande avtale gjeld til 2027)
- Arbeide for og påverke aktørar som driftar fagsystem og digitale løysingar (t.d. Digitalarkivet, Asta og Arkivportalen), slik at det vert mogleg å synleggjere og finne att arkiv som dokumenterer nynorsk skriftkultur. (Dette kan t.d. gjerast ved bruk av emneknaggjar, men vi ønskjer òg å sjå på andre metodar.)
- Auke eigen kompetanse på bevaring av digitalt skapte arkiv

6.3 Framlegg til tiltak for andre privatarkivbevarande institusjonar

Vi tilrår alle privatarkivbevarande institusjonar å ha eit særskilt fokus på å bevare arkiv som dokumenterer framveksten og bruken av nynorsk. Vi håper at denne planen kan vere eit nyttig verktøy i møte med privatarkiv som dokumenterer nynorsk skriftkultur. Ta kontakt med Nynorsk kultursentrum som nasjonal koordinator for samfunnsområdet dersom du er i tvil om eit arkiv er bevaringsverdig ut frå dokumentasjonsmåla vi har skissert i kapittel 5, eller dersom du har andre spørsmål om privatarkiv og nynorsk skriftkultur. Vi tek gjerne imot tips til arkiv som ikkje er fanga opp i kartlegginga per 2024, spesielt om særleg verneverdige arkiv.

Vi oppmodar institusjonar som registrerer arkiv i Asta, om å bruke emneknaggar eller merkingar som nynorsk og målsak i arkivomtalen der det er relevant, slik at arkiva dukkar opp i søkeresultat i Arkivportalen for dei som leitar etter nynorsk-arkiv.

6.4 Har du eller organisasjonen din eit nynorskarkiv?

Har du eller ein organisasjon din eit nynorskarkiv som du meiner bør bli bevart, eller kjenner du til slike gjennom andre kanalar? Då vil vi gjerne at du tek kontakt med Nynorsk kultursentrum, så vil vi vurdere arkivet og koordinere med andre aktuelle arkivbevarande institusjonar. Vi kan sjølvstøtt ikkje love at Nynorsk kultursentrum eller ein annan institusjon kan ta inn arkivet eller gjere nokon avtale om kva som kan gjerast, men vi vil hjelpe deg med å navigere i dette landskapet. Først og fremst vurderer vi kven som kan vere den rette institusjonen å spørje om eventuelt mottak av arkivet. Vidare vil vi vurdere om arkivet er bevaringsverdig i tråd med den aktuelle institusjonens eigen bevaringsplan og den nasjonale bevaringsplanen for privatarkiv knytte til nynorsk skriftkultur.

Kvar enkelt arkivbevarande institusjon har sin eigen praksis for mottak og deponi av arkiv. Nokre tek berre i mot arkiv dersom eigarskapen blir overført til dei, medan andre tek i mot arkiv til deponi utan eigarskapskifte. Mange tek betaling for plass i magasina sine, og somme krev at arkiva skal vere ordna før overlevering.

Nynorsk kultursentrum kan per no ikkje hjelpe til med å ordne arkiv eller bidra med midlar til dette arbeidet, men vi vil hjelpe deg på vegen ved å gi råd og koordinere med andre institusjonar saman med deg.

6.5 Utfordringar

Mange institusjonar har i dag inntaksstopp på grunn av plass- eller ressursmangel og stort etterslep. Gjennomføring av tiltak for andre privatarkivbevarande institusjonar vil òg medføre kostnader, særleg i samband med inntak, ordning, registrering, publisering og digitalisering, både for institusjonen som tek imot arkiva, og for dei som skal avlevere arkiva. Nynorsk kultursentrum kan ikkje påleggje andre bevaringsinstitusjonar å ta inn og bevare arkiv, men kan kome med råd om kva arkiv som er bevaringsverdige med tanke på nynorsk skriftkultur. Kva arkiv som skal takast vare på, er utover det ei vurdering som må gjerast i samråd med dei enkelte institusjonane og deira innsamlingsplanar og vurderingar.

Fleire depotinstitusjonar har ein kostnad knytt til innlevering av arkiv (ordning og oppbevaring). Ikkje alle arkiveigarar, til dømes lokallag av nynorskorganisasjonar, har midlar til å dekke denne utgifta, som dermed blir eit hinder for bevaring.

Bevaring av digitalt skapte arkiv er eit viktig område å auke kompetansen innanfor. I dag blir både offentlege og private arkiv i stor grad skapte digitalt, anten arkivskaparen er ein frivillig organisasjon, ein person eller ein større institusjon. Å auke kompetansen vår på dette feltet blir viktig for oss som rådgivande aktør for arkivskaparar og -eigarar. Det er viktig at bevaringsverdige arkiv som er digitale, i størst mogleg grad blir bevarte i samtid, for over tid kan dei vere sårbare for å bli utilgjengelege eller ufullstendige.

6.6 Forsking og kunnskap

Privatarkiv blir brukte som kjelder til forskning, dokumentasjonsarbeid og kunnskapsutvikling. Arkiva må vere bevarte og tilgjengelege. Det er òg uvurderleg fordel om dei er tilgjengelege på ein måte som både gjer det lett for ikkje-arkivarar å finne fram til og i dei, og at dei er ordna og registrerte slik at ein sikrar god bevaring av kunnskapen om og i arkiva i lang tid framover.

7 ADMINISTRATIVE OG ØKONOMISKE KONSEKVENSA

Denne bevaringsplanen gjeld for perioden 2025–2029. Planen skal reviderast i 2029, og ny plan skal gjelde frå 2030. Dette er den aller første planen som er laga med mål om å kartleggje og sikre bevaring av privatarkiv knytte til nynorsk skriftkultur. Behov og oppgåver som vi ikkje har avdekt i samband med arbeidet med denne planen, kan kome til i planperioden.

Arbeidet som nasjonal koordinator er ei prioritert oppgåve for Nynorsk kultursentrum og er nedfelt i langtidsplanane og styringsdokumenta våre. Nynorsk kultursentrum har mange arbeidsoppgåver på ulike område som skal løysast med avgrensa ressursar, og den strategiske bruken av personalressursar skal vere i tråd med overordna planar og mål. Det å implementere planen og gjennomføre tiltaka fordrar at det blir sett av nok fagleg kompetente ressursar til arbeidet vidare. Ein meir detaljert plan for oppfølging av bevaringsplanen og koordinatorfunksjonen og rammene for dette arbeidet blir kvart år vurdert i handlingsplanen vår og i dei generelle årsplanane våre.

Då Nynorsk kultursentrum i 2021 tok initiativ til og inngjekk avtalen med Arkivverket om å ta på seg rolla som nasjonal koordinator for feltet, følgde det ikkje med midlar til oppgåva. Ifølgje Arkivforbundets strategi for 2024–2026 vil Arkivforbundet arbeide for å styrkje rammene for institusjonar som er tildelte eit

som er tildelte eit nasjonalt sektoransvar.¹⁵ Styrkte rammer vil kunne auke dei faglege ressursane til å følgje opp området vi er gitt ansvar for gjennom avtalen og dei tiltaka som er lista opp i denne planen. Det vil òg gi betre rammer for å jobbe meir heilskapleg med å sikre nynorske privatarkiv for framtida. Det er òg behov for auka midlar til arbeidet med å bevare privatarkiv for andre arkivinstitusjonar og ruste desse til å sikre arkiv som dokumenterer nynorsk skriftkultur. Utan auka i midlar til dette vil det vere vanskeleg både for desse institusjonane og for arkiveigarar å få realisert dei tilrådde tiltaka som er lagde fram i denne planen.

Arkivutviklingsmidlane er eit viktig tilskot til arkivbevarande institusjonar og gjer det mogleg å gjennomføre prosjekt som det elles ikkje hadde vore rom for å gjennomføre med våre ressursar og økonomiske føresetnader. Nynorsk kultursentrum vil i planperioden utarbeide eitt eller fleire større prosjekt ut frå måla og tiltaka i kapittel 6.2. Dette vil vi søkje om arkivutviklingsmidlar til for å kunne gjennomføre.

I 2025 skal Nynorsk kultursentrum revidere vår eigen langtidsplan for samlingsforvaltning og skal i samband med det utarbeide ein meir detaljert plan for eigne inntak og forvaltning av arkiv i Nynorsk kultursentrum.

¹⁵ Strategiplan for Arkivforbundet 2024–2026.

8 OPPSUMMERING

Dette er den første bevaringsplanen for privatarkiv på området som gjeld nynorsk skriftkultur. Gjennom arbeidet med planen har vi fått ei grovoversikt over kva som eksisterer, kvar høla er, og kva tiltak vi bør prioritere i planperioden for å sikre bevaring av privatarkiv som dokumenterer nynorsk skriftkultur.

Nynorsk kultursentrum skal følgje opp bevaringsplanen og utvikle rolla vår som nasjonal koordinator for arkiv knytte til nynorsk skriftkultur gjennom dialog med lokale, regionale og nasjonale ABM-institusjonar om samarbeid, arbeidsdeling og rådgiving. Særskild gjeld dette dei fylkeskoordinerande institusjonane, Arkivverket og Nasjonalbiblioteket. Nynorsk kultursentrum deltek òg i regionale og nasjonale privatarkiv-nettverk.

9 KJELDER OG VIKTIGE DOKUMENT

- Arkivverket. «Nasjonal strategi for privatarkivarbeidet 2019–2023»: <https://www.arkivverket.no/for-arkiveiere/arki-ver-fra-privat-sektor/nasjonal-strategi-for-privatarkivarbeidet>
- Arkivverket. «Arkivverkets bevaringsplan for privatarkiv», vedteken 2020: <https://www.arkivverket.no/for-arkiveiere/arki-ver-fra-privat-sektor/arkivverkets-bevaringsplan-for-privatarkiv>
- Arkivverket. «Nasjonale institusjoner og bevaringsplaner»: <https://www.arkivverket.no/for-arkiveiere/arkiver-fra-privat-sektor/nasjonale-institusjoner-og-bevaringsplaner>
- Arkivverket. «Regionale institusjoner og bevaringsplaner»: <https://www.arkivverket.no/for-arkiveiere/arkiver-fra-privat-sektor/regionale-institusjoner-og-bevaringsplaner>
- Arkivverket. «Retningslinjer for arbeidet med privatarkiver», fastsett av Riksarkivaren 2002: <https://www.arkivverket.no/for-arkiveiere/arkiver-fra-privat-sektor/retningslinjer-for-arbeidet-med-privatarkiver>
- Arkivlova. LOV-1992-12-04-126: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-12-04-126>
- Meld. St. 7 (2012–2013) *Arkiv* (arkivmeldinga): <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-7-20122013/id707323/>
- Meld. St. 8 (2018–2019) *Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida* (kulturmeldinga): <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-8-20182019/id2620206/>
- Meld. St. 23 (2020–2021) *Musea i samfunnet – Tillit, ting og tid* (museumsmeldinga): <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-23-20202021/id2840027/>
- NOU 2019: 9.(2019) *Fra kalveskinn til datasjø – Ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiver*: <https://www.regjeringen.no/contentassets/d4091c3f6abc4eacae1ae527a4cef30b/nn-no/pdfs/nou201920190009000dddpdfs.pdf>
- Arkivverket. «Delprosjekt Privatarkiv (PRIV)»: <https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/utviklingsprosjekter/pagaende-prosjekter/samdok-delprosjekt-privatarkiv>
- Arkivverket. «Om SAMDOK-prosjektet»: <https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/utviklingsprosjekter/pagaende-prosjekter/om-samdok-prosjektet>
- Arkivforbundet. Strategiplan for Arkivforbundet 2024–2026: <https://www.arkivforbundet.no/om/strategiplan/>
- Arkivverket. «Retningslinjer for arbeidet med privatarkiver»: <https://www.arkivverket.no/for-arkiveiere/arkiver-fra-privat-sektor/retningslinjer-for-arbeidet-med-privatarkiver>
- Arkivverket. «Utvalget for bevaring av digitalt skapt dokumentasjon», rapport 2023: <https://www.arkivverket.no/nyheter/utvalgsrapporten-er-klar-arkivrad-for-fremtiden>
- Fonnes, Ivar m.fl. (2002). *Rapport fra Bevaringsutvalget 2002*. Riksarkivaren
- Grepstad, Ottar. (2020). *Språkfakta 2020. Tala Forteljingane. Dokumenta*. Grepstad skrivi.

- Grepstad, Ottar. (2010). *Avisene som utvida Noreg. Nynorskpressa 1850–2010*. Samlaget.
- Grepstad, Ottar. «Dagen i dag / Nynorsk skriftkultur år for år 1646–2023». Henta frå arkivsidene etter allkunne.no (sist oppdatert 2020).
- Grepstad, Ottar. «1646–1800 Forsøk på trykk». Henta frå arkivsidene etter allkunne.no (sist oppdatert 2020).
- Nynorsk kultursentrum. (u.å.). Arkiv for norsk målreising, Peder Hovdan-arkivet. Henta frå nynorsk.no: <https://nynorsk.no/samlingane/arkiv-for-norsk-malreising-hovdan-arkivet/>
- Sandsmark, Per Magnus Finnanger (u.å.). Den nynorske litteraturen 1848–2018. Henta frå nynorsk.no: <https://nynorsk.no/om-nynorsk/litteraturen/>
- Sandsmark, Per Magnus Finnanger (2022). Regional stode for nynorsk skriftkultur. Notat om omgrepsavklaringar, skalar og kriterium. Nynorsk kultursentrum.
- Språkrådet (2022). Rapport om språkbyte: <https://sprakradet.no/aktuelt/ny-rapport-om-sprakbyte-fra-nynorsk-til-bok-mal/>
- Allkunne.no: Temaside: Den nynorske skjønnlitteraturen 1850–2015. Henta frå arkivsidene etter allkunne.no.
- Snl.no. Dansketida: <https://snl.no/dansketida>
- Snl.no. Magnus Lagabøtes landslov: https://snl.no/Magnus_Lagab%C3%B8ters_landslov
- Snl.no. Nynorsk: <https://snl.no/nynorsk>

10 VEDLEGG

Oversikta over kartlagde arkiv som er bevarte hos arkivbevarande institusjon, er publisert på nettstaden til Nynorsk kultursentrum, nynorsk.no. Oversikta vil bli oppdatert fortløpande.

Massachusetts
To the
Rev. Trustees of the

[illegible][illegible]

Silene alba Lages. Ritten 2% 94 1/2+.
1876 ash logs full of white
material & white sand, no flowers
seen. This resembles *Silene alba*
but has many more stems ex-
posed than *S. alba*. 24 June 1894.

1891
 1892
 1893
 1894
 1895
 1896
 1897
 1898
 1899
 1900
 1901
 1902
 1903
 1904
 1905
 1906
 1907
 1908
 1909
 1910
 1911
 1912
 1913
 1914
 1915
 1916
 1917
 1918
 1919
 1920
 1921
 1922
 1923
 1924
 1925
 1926
 1927
 1928
 1929
 1930
 1931
 1932
 1933
 1934
 1935
 1936
 1937
 1938
 1939
 1940
 1941
 1942
 1943
 1944
 1945
 1946
 1947
 1948
 1949
 1950
 1951
 1952
 1953
 1954
 1955
 1956
 1957
 1958
 1959
 1960
 1961
 1962
 1963
 1964
 1965
 1966
 1967
 1968
 1969
 1970
 1971
 1972
 1973
 1974
 1975
 1976
 1977
 1978
 1979
 1980
 1981
 1982
 1983
 1984
 1985
 1986
 1987
 1988
 1989
 1990
 1991
 1992
 1993
 1994
 1995
 1996
 1997
 1998
 1999
 2000
 2001
 2002
 2003
 2004
 2005
 2006
 2007
 2008
 2009
 2010
 2011
 2012
 2013
 2014
 2015
 2016
 2017
 2018
 2019
 2020
 2021
 2022
 2023
 2024
 2025
 2026
 2027
 2028
 2029
 2030
 2031
 2032
 2033
 2034
 2035
 2036
 2037
 2038
 2039
 2040
 2041
 2042
 2043
 2044
 2045
 2046
 2047
 2048
 2049
 2050
 2051
 2052
 2053
 2054
 2055
 2056
 2057
 2058
 2059
 2060
 2061
 2062
 2063
 2064
 2065
 2066
 2067
 2068
 2069
 2070
 2071
 2072
 2073
 2074
 2075
 2076
 2077
 2078
 2079
 2080
 2081
 2082
 2083
 2084
 2085
 2086
 2087
 2088
 2089
 2090
 2091
 2092
 2093
 2094
 2095
 2096
 2097
 2098
 2099
 2100
 2101
 2102
 2103
 2104
 2105
 2106
 2107
 2108
 2109
 2110
 2111
 2112
 2113
 2114
 2115
 2116
 2117
 2118
 2119
 2120
 2121
 2122
 2123
 2124
 2125
 2126
 2127
 2128
 2129
 2130
 2131
 2132
 2133
 2134
 2135
 2136
 2137
 2138
 2139
 2140
 2141
 2142
 2143
 2144
 2145
 2146
 2147
 2148
 2149
 2150
 2151
 2152
 2153
 2154
 2155
 2156
 2157
 2158
 2159
 2160
 2161
 2162
 2163
 2164
 2165
 2166
 2167
 2168
 2169
 2170
 2171
 2172
 2173
 2174
 2175
 2176
 2177
 2178
 2179
 2180
 2181
 2182
 2183
 2184
 2185
 2186
 2187
 2188
 2189
 2190
 2191
 2192
 2193
 2194
 2195
 2196
 2197
 2198
 2199
 2200
 2201
 2202
 2203
 2204
 2205
 2206
 2207
 2208
 2209
 2210
 2211
 2212
 2213
 2214
 2215
 2216
 2217
 2218
 2219
 2220
 2221
 2222
 2223
 2224
 2225
 2226
 2227
 2228
 2229
 2230
 2231
 2232
 2233
 2234
 2235
 2236
 2237
 2238
 2239
 2240
 2241
 2242
 2243
 2244
 2245
 2246
 2247
 2248
 2249
 2250
 2251
 2252
 2253
 2254
 2255
 2256
 2257
 2258
 2259
 2260
 2261
 2262
 2263
 2264
 2265
 2266
 2267
 2268
 2269
 2270
 2271
 2272
 2273
 2274
 2275
 2276
 2277
 2278
 2279
 2280
 2281
 2282
 2283
 2284
 2285
 2286
 2287
 2288
 2289
 2290
 2291
 2292
 2293
 2294
 2295
 2296
 2297
 2298
 2299
 2300
 2301
 2302
 2303
 2304
 2305
 2306
 2307
 2308
 2309
 2310
 2311
 2312
 2313
 2314
 2315
 2316
 2317
 2318
 2319
 2320
 2321
 2322
 2323
 2324
 2325
 2326
 2327
 2328
 2329
 2330
 2331
 2332
 2333
 2334
 2335
 2336
 2337
 2338
 2339
 2340
 2341
 2342
 2343
 2344
 2345

...for the same reason
...the same reason
...the same reason
...the same reason
...the same reason

2000